



Stryn kommune

2017

Planomtale for Kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde



Planstrategi
Samfunnsdel
Handlingsdel/Økonomiplan
Arealdel
Kommunedelplan

INNHOLD

1.	Innleiing	5
1.1.	Bakgrunn og føremål	5
1.2.	Organisering og medverknad	5
1.3.	Rammer for planarbeidet	6
1.3.1	Nasjonale retningslinjer	6
1.3.2	Regionale føringer	6
1.3.3	Kommunale planar	6
1.4.	Skildring av planområdet	7
1.4.1	Planavgrensning	7
1.4.2	Tettstaden stryn	7
2.	ROS-analyse	8
2.1.	Innleiing	8
2.2.	Avgrensing av analysen	8
2.3.	Risiko for moglege hendingar	8
2.3.1.	Snø- eller steinskred/-sprang og jord- og flaumskred	10
2.3.2.	Kvikkleire eller anna ustabilitet	10
2.3.3.	Flaum	11
2.3.4.	Overvatn	11
2.3.5.	Skog og lyngbrann	11
2.3.6.	Stormflo og havnivåstigning	11
2.3.7.	Vind	11
2.3.8.	Sårbar flora og fauna	12
2.3.9.	Vassdragsområde	12
2.3.10.	Kulturminne/-miljø	13
2.3.11.	Verksemdrisiko	14
2.3.12.	Lager med farlege stoff	14
2.3.13.	Støy og støv	14
2.3.14.	Forureina grunn	15
2.3.15.	Høgspentlinjer	15
2.3.16.	Anlegg for avfallsbehandling	15
2.3.17.	Utrykkingskøyretøy og sløkkevasskapasitet	15
2.3.18.	Manglante kapasitet i VA-system	16
2.3.19.	Fare for sabotasje/terror	16
2.3.20.	Terrengformasjoner som utgjer spesiell fare	16
3.	Konsekvensutgreiing	17
3.1.	Innleiing	17
3.2.	Metode	17
3.2.1.	Verdivurdering	17
3.2.2.	Omfangsverdiering	17
3.2.3.	Konsekvensverdiering	17
3.3.	Utgreiingstema	18
3.4.	Kunnskapsgrunnlaget	19
3.5.	Utgreiingar i planområdet	21
3.6.	Konsekvensutgreiing av planlagte byggeområde	22
3.6.1.	Nytt næringsareal N101	22
	ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt næringsareal N101	24
3.6.2.	Vurdert nytt næringsareal N102	25
	ROS (Risiko og Sårbarheit) – Vurdert nytt næringsareal N102	27
3.6.3.	Nytt næringsareal N103	28
	ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt næringsareal N103	30
3.6.4.	Nytt næringsareal N115	31
	ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt næringsareal N115	37
3.6.5.	Nytt næringsareal N127	38

ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt næringsareal N127	40
3.6.6. Kombinert føremål KB102, KB 103 og KB104.....	41
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Kombinert føremål KB102, KB103 og KB104.....	43
3.6.7. Nytt bustadområde B110.....	44
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt bustadområde B110	45
3.6.8. Nytt bustadområde B125	46
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt bustadområde B125	47
3.6.9. Nytt bustadområde B126	48
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt bustadområde B126	50
3.6.10. Nye bustadområde B135 og B136.....	51
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt bustadområde B 135 og B136	53
3.6.11. Nye bustadområde B151 og B152.....	54
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nye bustadområde B151 og B152.....	55
3.6.12. Nytt bustadområde B156	56
ROS (Risiko og Sårbarheit) - Nytt bustadområde B156	58
3.6.13. Utviding av Stryn ungdomsskule T113	59
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Utviding av Stryn ungdomsskule T113	60
3.6.14. Utviding av massetak R104	61
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Utviding av massetak R104	62
3.6.15. Vurdering av utviding av Nedstryn kyrkjegard GU102	63
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Vurdering av utviding av Nedstryn kyrkjegard GU102	64
3.6.16. Gang- og sykkelveg Bergsida-Faleide	65
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Gang- og sykkelveg Bergsida-Faleide	66
3.6.17. Gang- og sykkelveg Riise bru – Gjørven	67
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Gang- og sykkelveg Riise bru - Gjørven	70
3.6.18. Gang- og sykkelveg Gjørven – Storesunde	71
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Gang- og sykkelveg Gjørven – Storesunde	73
3.6.19. Gang- og sykkelveg Visnes – Staveneset	74
ROS (Risiko og Sårbarheit) – Gang- og sykkelveg Visnes – Staveneset	75
4. Skildring av planen	76
4.1. Næringsareal	76
4.1.1. Stryn Miljø- og Næringspark (SMNP)	77
4.1.2. Vikabukta	77
4.1.3. Marsåvika	78
4.2. Bustadareal	78
4.2.1 Stryn sentrum.....	78
4.2.2 Vest for Stryn sentrum	79
4.2.3 Nord for Stryn sentrum	79
4.2.4 Aust for Stryn sentrum	79
4.3. Sentrumsutforming	79
4.4. Offentlege arealbehov	80
4.4.1 Tonning Skule	80
4.4.2 Blålysbygg.....	80
4.4.3 Stryn ungdomsskule	80
4.5. Samferdsle	81
4.5.1 E39.....	81
4.5.2 Gang- og sykkelvegar	81
4.6. Areal til friluftsliv	81
4.7. Massetak	82
4.8. Småbåthamn	82
4.9. Pistolbane	82
4.10. Vurderte endringar som ikkje er omfatta av planen	82
4.10.1 Nytt hovudanlegg for skyting	82
4.10.2 Komposteringsanlegg	82
4.10.3 Næringsområde N102	83

4.10.4	Nedstryn kyrkjegard	83
4.10.5	Utviding av Tømmerkaia på faleide.....	83
4.10.4	Bustadområde i Lundestranda	83
4.10.7	Bustadområde og hytteområde på Lida.....	83
4.10.8	Fritidsbustader	84
4.11.	Føremål som er teke ut av planen _____	84
4.11.1	Avlastningsveg.....	84
4.11.2	Andre utbyggingsområde	84
4.12.	Mindre endringar _____	85
4.12.1	Endringar som følge av ny plan- og bygningslov	85
4.12.2	Planoppdateringer.....	85
4.12.3	Andre justeringar	85
4.12.4	Kommunale vedtekter.....	85
4.13.	Konsekvensar av planframlegget _____	86
4.14.	Vurderingar i høve naturmangfaldlova_____	87
	Føresegner og retningslinjer _____	88

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet, og skal vere førande for utviklinga i kommunen. Den består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnssdelen vart revidert i 2013 og fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilsak og kommunen som organisasjon.

Hovudmålet i kommuneplanen sin **samfunnsdel** 2013-2024 er *Vekst basert på bulyst og næringsutvikling*. For å nå hovudmålsetjinga har ein valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar. Desse er folkehelse, tilrettelegging for næringslivet samt bulyst og bustadtilbod.

Arealdelen skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande. Arealdelen vart vedteken i 2006 og består av eit hovudkart, samt 14 meir detaljerte delplanar. Kystsoneplanen vart vedteken i etterkant, i 2009.

Tre av kommunedelplanane er revidert på nytt. Dette er kommunedelplan for Loen sentrum, vedteken i 2012, kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim, vedteken i 2013, og kommunedelplan for Olden, vedteken i 2015.

Stryn kommune sin **planstrategi** for 2012-2015 klargjer kommunen sitt behov for planar og prioritering av desse i kommunestyreperioden. Kommunedelplanen for Stryn sentrum var høgast prioritert av alle delplanane og Faleide-Langeset var prioritert på tredje plass. Planområdet for kommunedelplanen Langeset-Stryn-Storesunde omfattar desse to planane med noko omland, i tillegg til delar av kystsoneplanen.

Bakgrunnen for dette var følgjande:

- Plassering av nytt næringsareal i nærleiken av Stryn sentrum må sjåast i samanheng med Stryn Miljø og Næringspark (SMNP) på Langesethøgda.
- Behov for gang- og sykkelveg austover i Strynedalen frå Rise bru.
- Etter at E39 no er vedteke lagt etter indre linje vil området Svarstad-Langeset bli eit svært viktig knutepunkt for hovudvegsambanda E39 og Rv 15, og dermed også for Stryn sentrum.

I planprogrammet står det at ein i tillegg skal vurdere nytt areal til bustad, fritidsbustad og friluftsliv, samt vurdere plassering av massedeponi, eksisterande småbåthamn og sjå på sentrumsutforming.

1.2. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde er utarbeidd av seksjon plan og næring, som er plassert i rådmannsavdelinga. Planen er politisk behandla av formannskap og kommunestyre.

Ved utarbeiding av planframlegget har det blitt gjennomført fleire møte med einskilde aktørar, både med ein del av dei som har kome med innspel til planen, og regionale mynde. Målet var å kome fram til ei omforeint løysing i planframlegget.

Generell medverknad er i hovudsak i samband med oppstart av planen og ved offentleg ettersyn av planframlegget, men også i samband med utarbeiding av planen.

I tillegg har det vore gjennomført folkemøte med tema sentrumsutforming og ulike møte for å avklare spørsmål knytt til innspel og enkelte utgreiningstema. Vidare har det vore gjennomført to drøftingsmøte med Planforum med innlagde synfaringar.

1.3. RAMMER FOR PLANARBEIDET

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova av 2008. Planen vil bli utforma innanfor nasjonalt lovverk, forskrifter, statlege og regionale mål og retningsliner.

1.3.1 NASJONALE RETNINGSLINER

I plan- og bygningslova er det sett opp ein del nasjonale oppgåver som kommunen må ta omsyn til:

- Setje mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, avklare samfunnsmessige behov og oppgåver, og seie korleis oppgåvene kan løysast
- Sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø
- Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv
- Legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Legge til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår
- Fremje innbyggjarane si helse og motvirke sosiale helseforskjelar, samt bidra til å forebygge kriminalitet
- Ta klimaomsyn gjennom løysningar for energiforsyning og transport
- Fremje samfunnstryggleik ved å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

I tillegg står det ein del føringer i dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* som vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015, der set står om kva regjeringa forventar at statlege mynde, fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i planlegginga.

1.3.2 REGIONALE FØRINGAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har vedteke fleire planar som òg er retningsgjevande for kommunal planlegging. Dette er mellom anna følgjande:

- Fylkesdelplan for arealbruk (pågående revisjon)
- Fylkesdelplan for klima og miljø 2009
- Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025
- Regional transportplan 2014-2023
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025
- Regional plan for folkehelse 2015-2025
- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion (2015)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal følgje opp statlege vedtak, mål og retningsliner.

1.3.3 KOMMUNALE PLANAR

Følgjande interkommunale og kommunale planar gjev føringer for planen:

- Samla utviklingsplan for Indre Nordfjord som reisemål
- Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget 1999
- Kommunedelplan for bygningsvern 2000
- Registrering av kjerneområde landbruk 2006
- Energi- og miljøplan for Stryn kommune 2009-2013
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016
- Kommunedelplan for kultur 2013-2016
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024

1.4. SKILDRING AV PLANOMRÅDET

1.4.1 PLANAVGRENSNING

Planområdet omfattar arealet frå Langeset i vest til Storesunde i aust, frå og med Vetlevika/Marsåvika i sør til og med Lida i nord.



1.4.2 TETTSTADEN STRYN

Tettstaden Stryn er avgrensa mellom Riise bru i aust, Vikaleirane i vest og Visnes i sør, og har eit folketal på om lag 2300 innbyggjarar. Dette utgjer ein stor del av det totale folketalet i kommunen som var 7168 pr. 01.01.2016. Over mange år har det skjedd ei jamn sentralisering i kommunen der folketalet i utkantbygdene har gått nedover, og tilsvarande auka i tettstadane Stryn og Loen.

Dei siste ti til tjue åra har sentrum i Stryn ekspandert austover mot Riise, nordover mot Bøanedsetra og vestover mot Langesethøgda. Samstundes er det viktig å oppretthalde eit konsentrert område for detaljhandel som forsterkar Stryn som ein attraktiv handelsstad.

Det nye planområdet for omlandet til Stryn sentrum inneholder potensielle utvidingsområde for bustadar, forretnings- og serviceområde og industriområde. I og med at E39 er vedteke lagt etter indre line og brua vil kome over ved Svarstad, kan dette spele inn på kva utviklingsretning ulike funksjonar kan ta for tettstaden Stryn.

Stryn sentrum har tronge råmer for utviding av tettstaden i alle retningar. Det som mest avgrensar kvar folk kan bygge, bu og arbeide er naturfare knytt til skred og flaum.

I tillegg har vi store vasstilknytta naturressursar å ta vare på. Det gjeld spesielt restane av det store brakkvassdeltaet som Stryneelva har bygd opp, der vi ikkje lenger har alternative område å peike på.

Noko av den beste landbruksjorda i kommunen ligg rett aust om Stryn sentrum. Skal denne jorda byggast ned må alle andre alternativ vere vurdert.

2. ROS-ANALYSE

2.1. INNLEIING

Kommunen som planmynde har ansvar for at samfunnstryggleiken vert ivaretaken i planar etter plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til risiko og sårbarheit som kan true liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. Det er krav om ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeidning av planar for utbygging, jf. PBL § 4-3.

På kommuneplannivå skal potensiell risiko og sårbarheit identifiserast. Det er berre dei områda som omfattar ei endring i høve gjeldande plan, som skal utgreia. Av desse er det framtidige utbyggingsområde eller LNF- område med spreidd busetnad som skal utgreia.

Planframlegget skal omfatte alle område som er, eller potensielt kan vere, utsett for flaum- og skredfare i plankartet, vist som omsynssoner med føresegner/retningsliner.

2.2. AVGRENsing AV ANALySEN

Analysen skal femne om alle risiko- og sårbarheitstilhøve som er avgjerande for om areal er eigna til utbygging, og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko. Resultata blir nytta vidare i planprosessen.

Kommunen har teke utgangspunkt i Sogn og Fjordane fylkeskommune si sjekkliste for å velje ut hendingar som må analyserast vidare. Det er nytta prosa i analysen, ikkje matrise.

2.3. RISIKO FOR MOGLEGE HENDINGAR

Uønska hending	Relevant?	Kommentar/tilvising
Natur- og miljøforhold		
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko eller auka påkjenningar for:		
• Snø- eller steinskred/-sprang?	Ja	2.3.1
• Flodbølgjer som følgje av skred?	Nei	
• Kvikkleire eller anna ustabilitet?	Ja	2.3.2
• Flaum/flaumskred?	Ja	2.3.1 og 2.3.3
• Overvatn?	Ja	2.3.4
• Radon?	Nei	
• Skog-/lyngbrann?	Ja	2.3.5
• Stormflo?	Ja	2.3.6
• Vind?	Ja	2.3.7
• Sårbar flora?	Ja	2.3.8
• Verneområde?	Nei	
• Vassdragsområde?	Ja	2.3.9
• Kulturminne/-miljø?	Ja	2.3.10

Verksemdsrisiko		
Er det i området:		
• Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Ja	2.3.11
• Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Ja	2.3.12
Medfører planen/tiltaket:		
• Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei	
• Lagring av farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei	
• Auka risiko eller andre påkjenningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	Nei	
Forureining		
Er det i området:		
• Fare for akutt forureining?	Nei	
• Permanent forureining?	Nei	
• Støy og støv (industri, trafikk m.v.)?	Ja	2.3.13
• Forureina grunn?	Ja	2.3.14
• Høgspentlinjer?	Ja	2.3.15
• Anlegg for avfallsbehandling?	Ja	2.3.16
Medfører planen/tiltaket:		
• Fare for akutt forureining?	Nei	
• Fare for permanent forureining?	Nei	
• Støy og støv?	Ja	2.3.13
• Høgspentlinjer?	Nei	2.3.15
• Anlegg for avfallsbehandling?	Ja	2.3.16
Beredskap		
Er det i området:		
• God tilkomst for utrykkingskjøretøy?	Ja	2.3.17
• Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Ja	2.3.17
Medfører planen/tiltaket:		
• Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse m.v.)?	Ja	2.3.17
Infrastruktur		
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre auka risiko for:		
• Trafikkulykker?	Nei	

• Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Nei	
• Manglande kapasitet i tele-/ dataforsyninga?	Nei	
• Manglande kapasitet i VA-system?	Ja	2.3.18
Andre forhold		
• Fare for sabotasje/terror?	Nei	2.3.19
• Fare for annan kriminalitet?	Nei	
• Vatn med fare for usikker is?	Nei	
• Terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup, skrentar m.v.)?	Ja	2.3.20
• Gruver, opne sjakter, steintippar m.v.?	Nei	

2.3.1. SNØ- ELLER STEINSKRED/-SPRANG OG JORD- OG FLAUMSKRED

Omsynssoner som viser potensiell ras- og skredfare er lagt inn i plankartet. I tråd med NVE si tilråding er det nytta NGI sitt aktsemdskart for stein- og snøskred samt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Det er krav om faresonekartlegging for dei utbyggingsområda som fell innanfor desse omsynssonene, slik at ein får vurdert den reelle skredfaren.

NGI har, på oppdrag av Stryn kommune, gjennomført ei skredfarekartlegging på kommuneplannivå rundt Stryn sentrum. Dette har ført til at store delar av sentrumsområdet ikkje lenger er omfatta av aktsemdskartet. Ein har her lagt inn faresonenene i plankartet, med tilhøyrande føresegn.

I tillegg er det også teke omsyn til faresonekartlegginga som er gjennomført for områda Lida, Tenden, Riseteigen og Storesunde.

I dei generelle føresegnene er det lagt inn ei buffersone på 20 meter til kvar side av mindre elvar/bekkar. Dette vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg for å hindre fare for erosjon, flaum og skredhendingar knytt til elva/bekken.

2.3.2. KVIKKLEIRE ELLER ANNA USTABILITET

Marin grense er i planområdet mellom 70 og 80 meter over dagens havnivå, dette er det høgaste nivået havet nådde etter siste istid. Dette betyr at det er mogleg at delar av Stryn sentrum, Strynedalen m.m. kan ha førekommstar av kvikkleire.

Kvikkleire kan difor vere ei utfordring for ytterlegare utbygging av Stryn sentrum, til dømes planlagd næringsområde i Vikabukta, jf. kap. 4.1.2.

Med bakgrunn i dette er kommunen i dialog med fagfolk for å få stabiliteten i leirgrunnen i Stryn sentrum undersøkt.

2.3.3. FLAUM

Nedbørsmengda i Sogn og Fjordane er, i høve den mest alvorlege med middels framskriving, venta å auke med 14,2 % fram mot 2100 (NOU-Klima i Norge 2100). Det er forventa at det blir fleire dagar med mykje nedbør, og at gjennomsnittleg nedbørmenge for desse dagane blir høgare i heile Norge og for alle årstider. Dermed kan flaumutsette område oftare bli råka av flaumsituasjon.

NVE rår kommunen til å innarbeide alle områder som er, eller kan vere, utsett for flaumfare i plankartet. Flaumsonekartet for Stryneelva (200-årsflaum) er difor lagt inn som omsynssone. I og med at det ikkje er utarbeidd nytt flaumsonekart, der det er teke omsyn til klimaendringane, er dette førebels berre omfatta av føresegn. Ein har teke omsyn til klimaendringane ved avgrensing av nytt bustadområde i Skjolden.

2.3.4. OVERVATN

Det er sett i gang eit arbeid med å utarbeide overordna plan og rammevilkår for vassforsyning, avløp og overvatn i samband med utviding av Stryn Miljø- og Næringspark.

Vidare er det starta arbeid med å utgreie handtering av overvatn og vurdere kapasitet for bekkesistema, og gjere flaumvurderingar/analysar for bustadområda nord for Stryn sentrum og for planlagd nytt bustadområde på Tonningkamben.

Førebels er dei mest utsette bekkane i utbygde område omfatta av ei faresone flaum som er sett til 20 meter på kvar side. Dette gjeld 4 bekkar i Stryn sentrum.

2.3.5. SKOG OG LYNGBRANN

Klimaendringar med lengre tørkeperiodar kombinert med berr mark om vinteren /tidleg vår, har auka faren for lyng- og skogbrann. Vi har i løpet av to år hatt to større brannar på grunn av lynnedsdag og uvøren omgong med eld.

2.3.6. STORMFLO OG HAVNIVÅSTIGNING

I rapporten Klima i Norge 2100 står det at estimert havstigning i Stryn i år 2100 er berekna til 69 cm (usikkerhet -49 til +104), med ei landheving på 21 cm.

Stormflo har skapt noko problem i Stryn sentrum, særleg på Vikaleirane. Dersom dette næringsområdet blir utvida med utfylling i Vikabukta må det takast omsyn til havnivåstigninga, då i kombinasjon med flaum i Stryneelva.

Rettleiaren frå DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) vedrørende havnivåstigning og stormflo skal nyttast ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknader om løyve etter plan- og bygningslova.

2.3.7. VIND

Mellan 1992 og 2016 har vi hatt tre hendingar med orkanvarsle og orkan på Vestlandet. NOU 2010: 10 seier at mykje tyder på at høge vindstyrkar kan bli hyppigare. Stryn sentrum er særleg utsett for vesta- og austavind.

2.3.8. SÅRBAR FLORA OG FAUNA

Det er 13 lokalitetar innafor planområdet som er vurdert av Miljødirektoratet som viktig naturtype av nasjonal, regional eller lokal verdi. Nokre av desse er i tillegg utvalt naturtype.

Områdenummer	Områdenamn	Naturtype	Verdi
BN00001989	Gjølvegjølet, Robjørgane	Kalkskog	Svært viktig
BN00070490	Gjølvegjølet, Robjørgane	Hule eiker (utvalt naturtype)	Viktig
BN00001991	Utigard på Faleide	Slåttemark (utvalt naturtype)	Viktig
BN00002019	Lunde	Rik edellauvskog	Viktig
BN00002021	Visnesøyri	Brakkvassdelta	Svært viktig
BN00002022	Tonningsleira (restbiotop Kjeldeflata)	Brakkvassdelta	Svært viktig
BN00085139	Haraldløken	Slåttemark (utvalt naturtype)	Svært viktig
BN00085134	Sundeløken	Rik sumpskog	Svært viktig
BN00002041	Mindresunde	Mudderbank	Lokalt viktig
BN00002023	Strand - Staveneset	Rik edellauvskog	Viktig
BN00085133	Strand NV	Rik edellauvskog	Viktig
BN00002025	Strand	Rik edellauvskog	Svært viktig
BN00002024	Strand vest	Sør vendte berg og rasmarker	Viktig

Kartlegging av flora, utført av universitetet i Bergen, og kartlegging av fuglefaunaen, utført av kommunen, fylkesmannen og diverse frittståande ornitologiske miljø, viser at lokalitetane BN00002021 og BN00002022 innehold svært mange sårbare artar. Sårbarheit går også på at det er svært store avstandar til tilsvarande naturtype (brakkvassdelta).

Biologisk mangfold vart kartlagt av Miljøfagleg Utredning i 2001 og 2002. Supplerande kartlegging vart gjennomført i 2009-2012. Kartlegging av biologisk mangfold i planområdet frå Bergsida og vestover er utført i 2016.

Strynebukta ligg inst i ein nasjonal laksefjord, i tillegg til at Strynevassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, jf. St.prp. nr.32 (2006-2007) Om vern av villaksen.

Planområdet omfattar 2 inngrepsfrie naturområde (INON), i sona 1-3 km frå inngrep. Dette er område på Hogden og Årheimsfjellet. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde som vil redusere desse INON-områda.

2.3.9. VASSDRAGSOMRÅDE

Strynevassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget blei utarbeidd i 1999. Planen er i samsvar med rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag, som mellom anna seier at ein skal legge særleg vekt på at inngrep ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne og tilhøve for friluftsliv.

Alle myndigheter som avgjer inngrep og tiltak har ansvar for å følgje opp vassdragsvernet og dei nasjonale måla som er gjevne i rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag.

Grensa mellom elv og sjø er fastsett av Stryn kommune i sak MU-008/00 den 09.08.00 i medhald av Lov om Laks og Innlandsfisk. Grensa går i rett line mellom Grønevik og Visnes og ligg i plankartet.

2.3.10. KULTURMINNE/-MILJØ

Automatisk freda kulturminne

Dei automatisk freda kulturminna har bandleggingssone, bandlagt etter anna lovverk – her kulturminnelova, i planen. Dei lokalitetane som er «fjerna» og som ikkje er automatisk freda lengre, er ikkje omfatta av planframlegget.

Det er lagt bandleggingssone på dei 19 automatisk freda kulturminna innanfor planområdet; ID. 147050: Tingvoll.

ID. 85099: Nedstryn kyrkjestad frå middelalder.

ID. 95108: Lunde, busetjing – aktivitetsområde frå eldre steinalder.

ID. 45550: Steinbrotet Geilekvia, Sætren.

ID. 102099: Vik, busetjing – aktivitetsområde frå romertid.

ID. 66496: Kyrkjeeide, gravminne frå jernalder.

ID. 35516: Furehøgjen, Kyrkjeeide, gravminne frå jernalder.

ID. 142350: Indre Bø 1, busetjing – aktivitetsområde frå førromersk jernalder.

ID. 142353: Ytre Bø 3, busetjing – aktivitetsområde frå førromersk jernalder.

ID. 142352: Ytre Bø 2, busetjing – aktivitetsområde frå eldre bronsealder.

ID. 142354: Ytre Bø 4, busetjing – aktivitetsområde frå Merovingertid.

ID. 146678: Ytre Bø, busetjing – aktivitetsområde frå jernalder.

ID. 148010: Ytreeide, busetjing – aktivitetsområde frå yngre bronsealder.

ID. 6047: Mindresunde, gravminne frå jernalder på Seimepllassen.

ID. 180517: Lok.1 Storesunde, busetjing - aktivitetsområde frå førreformatorisk tid.

ID. 180518: Lok.2 Storesunde, busetjing - aktivitetsområde frå førreformatorisk tid.

ID. 180519: Lok.3 Storesunde, busetjing - aktivitetsområde frå førreformatorisk tid.

ID. 55296: Bautasteinen på Bø, bautastein frå jernalder.

ID. 6046: Marså, gravminne frå jernalder.

Innanfor sona gjeld fredingsføresegn i kulturminnelova. Dei er i tillegg synt i grunnkartet med rune-R.

Når det gjeld bautasteinen er denne, saman med båtstøanlegget frå eldre jernalder i Bø, i tillegg omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø.

Tingvoll

Tingvoll lensmannsgard i Stryn sentrum er vedtaksfreda. Både hovudbygningen, sidebygningen og området rundt er ferd. Bygningane og eigedomen fortel historie knytt til utviklinga av den norske rettsstaten, og etter tradisjonen har Tingvoll røter attande til jernalderen som tinglass. Området er difor bandlagt i høve lov om kulturminne.

Den Trondhjemske postvei

Den Trondhjemske postvei går mellom Bergen og Trondheim. Heile vegstrekninga er viktig å ta vare på, sjølv om det i nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne er teke med berre mindre parsellar som representantar for denne vegen.

Innanfor planområdet går postvegen frå Faleide til Markane. Omsynssona bevaring kulturmiljø omfattar i tillegg «Skaffarbustaden» og landgangsbrygga.

Postvegen har og ein verdi i høve friluftslivet.

Nedstryn kyrkje

Det er lagt omsynssone bevaring kulturmiljø rundt Nedstryn kyrkje, slik at ein tek i vare kyrkja si plassering i omgjevnadane.

Andre bygningar og bygningsmiljø

SEFRAK (Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Ein del av desse er bygningar eldre enn år 1850, og er i følgje kulturminnelova § 25 meldepliktige ved riving/ombygging. Dei SEFRAK-registrerte bygningane er i Stryn omfatta av kommunedelplanen for bygningsmiljø frå 2000, der ein i tillegg til sjølve registreringa såg på verneverdien og om dei var del av eit bygningsmiljø.

Dei mest bevaringsverdige kulturmiljøa har fått eit formelt vern ved at dei er tekne med i arealdelen i kommuneplanen. Følgjande kulturmiljø er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø:

Naustmiljø Faleide, Jekteløken og naustmiljø i Heststoda, kulturlandskap Utigard Faleide, kulturlandskap Langeset, Svarstadsetra, Ingebrigten, Nedrebergstunet, Gardstun i Vik, Gardstun på Tonning, Gardstun i Bø, Naustmiljø Stryn sentrum, Walhalla, Perhurstunet, gamlebrua og Bruagrenda, Sætressetra, Visnes hotell, den gamle doktorbustaden og Villa Visnes samt Årheimsetra.

Mitt Kulturminne

Tematisk kommunedelplan for kulturminne er under utarbeiding under tittelen «Mitt kulturminne». Dei femti prioriterte kulturminna er allereie utpeika. Fleire av dei ligg innanfor plangrensa for foreliggende plan. Fleire av desse er markert med eige omsynssone. Minna er lista opp under:

Namn på kulturminnet	Lokalisering	Namn på kulturminnet	Lokalisering
Trondheimske Postveg	Faleide	Utigard Faleide	Faleide
Faleide Handelstad	Faleide	Den gamle setrevegen på Bergsida	Bergsida
Nedrebergstunet	Bergsida	Lundahella	Bergsida
Veten på Bergsida	Bergsida	Jekteløken i Hestøda	Bergsida
Kvennjagrova	Bergsida	Tyske skytestillingar	Visnes
Walhalla	Stryn sentrum	Ungdomsherberget	Stryn sentrum
Bautasteinen i Bø	Stryn sentrum	Lakseklekkeriet på Stauri	Stauri
Gjørvalaksegarden	Gjørven	Minnestein for rasulykka, Gjørven	Gjørven
Krokodilla	Gjørven	Kasta i Skora	Mindresunde

2.3.11. VERKSEMDRISIKO

I planframlegget er området for steinbrot utvida noko mot aust. Stryn Pukk si verksemd i samband med sprenging og uttak av stein, kan medføre ein risiko for kringliggende verksemder.

2.3.12. LAGER MED FARLEGE STOFF

Innanfor planområdet ligg eit dynamittlager. Dette er ikkje markert i plankartet, men det er teke omsyn til denne verksemda ved planlegginga.

2.3.13. STØY OG STØV

Den konsesjonerte landingsplassen for helikopter på Langesethøgda har utført støybereking og har fått si inn- og utflygingssone av omsyn til støy. Men dagens bruk har dette gått relativt greitt så langt.

SMNP inneheld bedrifter med fleire forskjellelege miljøulemper. Stryn Pukk er ei bedrift som genererer mykje støy og støv. Dette er den einaste verksemda i området som har avgrensa levetid utifra lokalt råstoff, og vil etterlate seg eit areal med stor bruksverdi som også må planleggast godt.

I Stryn sentrum har bustadområde på Visnes periodevis vore plaga med støy frå næringsverksem og kai på Visnes. Dette har vorte løyst med tiltak på bedriftene. Det har også vore periodevis støy frå næringsområdet i Vikabukta. Utviding av næringsområdet i Vikabukta kan føre til meir støy for bustadområdet i Grønevik/Vikalida.

2.3.14. FORUREINA GRUNN

Nedlagt tankanlegg i Marsåvika har forureina grunn som er miljøsanert til standard i næringsareal, og er tilrådd lagt ut som næringsareal i planen.

Det er fem område som er/har vore nytta til bensinstasjon: Langesethøgda, Tonningsleirane, Visnes, ved rundkøyringa i Stryn sentrum og på sørsida av Tonningsgata aust («Karstadbygget»). Alle med asfaltert overflate.

Nedlagt søppelfylling på Øvreeide er lagt inn med omsynssone. Området er disponert som jordbruksareal.

2.3.15. HØGSPENTLINER

I planframlegget er alle høgspentliner markert med omsynssone. Omsynssona si breidde er i samsvar med forskrift om strålevern og bruk av stråling. I samråd med kraftleverandør er det teke høgde for ein auka kapasitet på lina frå Stryn sentrum og nordover.

2.3.16. ANLEGG FOR AVFALLSBEHANDLING

I Stryn Miljø- og Næringspark er det ein eksisterande miljøstasjon med mottak frå private, og anlegg for handtering av mellom anna industriavfall, noko våorganisk avfall, papir, dekk, treverk og landbruksplast. På området til Stryn miljøpark føregår det avfallshandtering som kan representerer ein fare for forureining til grunn og av tilgrensande areal. Området blir også brukt til omlasting av septikslam.

Anlegget har i periodar ført til luktproblem, spesielt i området Svarstad/Faleide. Det er planar om å få deler av avfallshandteringen under tak. Dette vil kunne redusere periodar med luktproblem, men framtidig luktutslepp vil sterkt avhenge av drifta.

2.3.17. UTRYKKINGSKØYRETØY OG SLØKKEVASSKAPASITET

Den brannfaglege kompetansen til kommunen har vore involvert i planarbeidet på ein slik måte at brannførebyggande tiltak har vore inkludert i planen.

Tilkomst for utrykkingskøyretøy til eksisterande område i og ved Stryn Miljø- og næringspark skjer via riksveg 15/kommunal veg. Eksisterande og nye bustadområde har tilkomst via Setrevegen og kommunal veg.

Det kommunale hovudvassverket har Holvatnet som hovudvasskjelde og forsyner område frå Riise i aust til Faleide i vest. Stryn Miljø- og næringspark (SMNP) er forsynt med både drikkevatn og sløkkevatn frå kommunalt anlegg med trykktank nord for SMNP.

Industriområde N103, KB103 og KB104 er planlagt forsynt med drikkevatn og sløkkevatn frå eksisterande kommunalt anlegg. N101 er planlagt forsynt med sløkkjevatn frå nytt høgdebasseng på Langeset.

2.3.18. MANGLANDE KAPASITET I VA-SYSTEM

Utgreiling av reservevassforsyning for Stryn sentrum tilrår å legge ny reservevasslinje frå Loen i sjø via Marsåvika til Visnes.

Det er starta opp arbeid med VA- rammeplan for området nord for Stryn sentrum og Stryn miljø- og næringspark/nye næringsområde på Langeset. VA- rammeplanen vil omfatte analysar og vurderingar av i kva grad tiltaka er flaumutsett, kartlegge flaumvegar i områda og vidare til recipient, og flaumvegkart/omtale av korleis aktuelle flaumvegar kan/ skal opparbeidast.

Eventuelle behov for auka kapasitet vil bli løyst ved rehabilitering/kapasitetsauke på deler av eksisterande anlegg og/eller etablering av fordrøyningsanlegg.

Det er sett krav om VA-rammeplan i samband med utarbeiding av reguleringsplanar.

2.3.19. FARE FOR SABOTASJE/TERROR

Det står i den overordna ROS-analysa at sabotasje, eller terroranslag, i Stryn er lite sannsynleg, men vil kunne få store konsekvensar dersom det skjer.

2.3.20. TERRENGFORMASJONAR SOM UTGJER SPESIELL FARE

Stryn Pukk sitt område i SMNP har terrenget som kan utgjere fare. Uttaket av stein skal utførast med avtrapping mot nord. Det er i tillegg gjennomført meir omfattande sikring i form av inngjerding av området for å unngå fallulykker. Høgda på sikringsgjerdet kunne med fordel vere høgare. I anleggsperioden vil området kunne representere ein fare for fallulukker ved mangefull sikring.

3. KONSEKVENSENTGREIING

3.1. INNLEIING

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; ”For regionale planar og kommuneplanar med retningsliner eller råmer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn”.

Kravet står også i forskrift om konsekvensutgreiingar. Kommunedelplanen fell inn under § 2 – Planar og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifta. KU forskrifta krev ei skildring av verknadene både av dei einskilde utbyggingsområda kvar for seg, og dei samla arealbruksendringane i planen, jf. Kap.5.

3.2. METODE

Kvart einskild område der det er tilrådd ny arealbruk, blir presentert med kartutsnitt og relevante nøkkeldata. Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar for miljø og for samfunn.

3.2.1. VERDIVURDERING

Med verdivurdering meiner ein området sin noverande verdi utifrå eit gitt utgreiingstema.

Verdivurderinga vert gjort etter ein tredelt skala, vist med 1 til 3 stjerner:

- * = Liten verdi
- ** = Middels verdi
- *** = Stor verdi

3.2.2. OMFANGSVURDERING

Vurdering av omfang/påverknad inneber å sjå kva endringar ny arealbruk vil føre til for området i forhold til 0 – alternativet (sannsynleg utvikling av området utan utbygging). Omfang av ei utbygging blir bestemt av kva verdiar som blir råka av den aktuelle lokaliseringa og arealføremålet.

Omfangsvurderinga er vist med 1 til 3 stjerner:

- * = Lite omfang
- ** = Middels omfang
- *** = Stort omfang

3.2.3. KONSEKVENSVURDERING

Konsekvensen av eit føreslått utbyggingsområde for eit gitt tema kjem fram ved å samanstille vurderinga av området sin verdi med utbygginga sitt omfang. Konsekvensvurdering er vurdert utifrå ein femdelt skala:

Stor negativ	Middels negativ	Liten/ingen konsekvens	Middels positiv	Stor positiv
██████████	██████████	██████████	██████████	██████████

Konsekvensvurderinga er, i tillegg til tekst, vist med følgjande farge:

- Grønt: Stor positiv, middels positiv, liten/ingen konsekvens.
Gult: Middels negativ konsekvens.
Raudt: Stor negativ konsekvens.

3.3. UTGREIINGSTEMA

Tabellen syner utgreiingstema som dei ulike tiltaka i kommunedelplanen skal vurderast i høve til. Dei fleste av desse vart fastsett i planprogrammet.

Type tiltak	Utgreiingstema								
	Verna vassdrag	Fiskeinteresser	Lukt	Støv	Støy	Trafikktryggleik	Transportbehov	Kulturminne og kulturmiljø	Landbruk
Næringsareal									
N101	X	X	X	X	X	X	X	X	
N102	X	X	X	X	X	X	X	X	X
N103	X	X	X	X		X	X	X	X
N115	X	X	X	X	X	X	X	X	X
N127	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Kombinerte føremål									
KB102, KB103 og KB104	X	X	X	X		X	X	X	X
Bustadområde									
B110	X			X		X	X	X	X
B125	X		X			X	X	X	X
B126	X	X	X	X		X	X	X	X
B135 og B136	X	X	X			X	X	X	X
B151 og B152	X			X		X	X	X	X
B156	X	X	X	X		X	X		X
Andre byggeområde									
T113				X		X	X		X
RÅ104	X	X		X		X			X X
GU102				X		X	X		
Gang- og sykkelveg									
Bergsida-Faleide	X	X	X			X			X
Rise – Gjørven	X	X	X	X		X		X X	X X
Gjørven – Storesunde	X	X	X	X		X			X X
Visnes – Staveneset	X	X	X					X	X

3.4. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert etter ein firedele skala:
Dårleg (D) – Middels (M) – God (G) – Svært god (S).

Type tiltak	Datakvalitet													
	Verna vassdrag	Fiskeinteresser	Lukt	Støv	Støy	Trafikktryggleik	Transportbehov	Kulturminne og kulturmiljø	Landbruk	Ureining	Landskap	Friluftsliv/folkehelse	Viltinteresser	Naturmangfold
Næringsareal														
N101	S	M	M	M	S	G	D	S	D					
N102	S	M	M	M	S	G	M	S	G		G			
N103	S	M	G	G			M	S	G		G			
N115	S	G	M	G	M		M	S	M		G	S		
N127	S	G	M	G	S		M	S	D		S			
Kombinerte føremål														
KB102, KB103 og KB104	S	M	M	G			D	S		S	D	S		
Bustadområde														
B110	D			M		G	G	M	M					
B125	D		M			S	M	S	S					
B126	M	M	S	G		G	D	G	G					
B135 og B136	M	M	M				M	S	S					
B151 og B152	M			G		S	S	S	G					
B156	S	S	M	M		S	D		S					
Andre byggeområde														
T113					G		S	G		S		S		
RÅ104	D	M			M		S			M	M			
GU102					M		S	M						
Gang- og sykkelveg														
Bergsida-Faleide	D	G	M			S			M					
Rise – Gjørven	M	G	S	G		S		S	S		M	G		
Gjørven – Storesunde	D	G	S	G		S			S		M	G		
Visnes – Staveneset	D	G	S						S			M		

All type utbygging skal vurderast mot informasjon i eksisterande databaser, skriftleg litteratur og lokalkunnskap med tanke på konflikt. I tillegg til dei planane som er nemnt under kap. 1.3, Rammer for planarbeidet, viser tabellen under oversyn over kunnskap som er nyttå.

Utgreilingstema	Datagrunnlag/kjelde
Naturmangfold	<ul style="list-style-type: none"> Pusleplanteregistreringer i Vikabukta i Stryn kommune. Miljøfaglig utredning 2016. Naturtypekartlegging ved Langeset i Stryn kommune. Miljøfaglig utredning. Rapport nr 23 2016. Oppheim og Vetlevika i Stryn kommune – vurdering av naturmangfold. Miljøfaglig utredning. Rapport nr 22 2016. Kartlegging av fuglefaunaen ved Tonningsleirane og Lodeltaet i Stryn kommune. Heidi Sandvik 1994. Vegetasjon og verneverdier på Loengrandane og Tonningleira i Stryn. Arnfinn Skogen og Brith N.Lunde, botanisk institutt Bergen, 1996. Fuglar i Stryn – artsliste med kort omtale av Kjetil Mork, 1998. Rådgivende Biologer AS. Rapport nr 1811. Konsekvensutgreiling for biologisk mangfold av Reguleringsplan for Vikaleirane. Prioriterte arter og naturtypar i Naturbasen. Supplerande naturtypekartlegging i Stryn kommune 2012. Artsdatabanken. Klassifisering av elver i Stryn kommune i 2007 basert på bunndyr. Rapport nr 147, Laboratoriet for Ferskvannsøkologi og innlandsfiske, UiB. Miljøvernleiar (muntleg kjelde).
Viltinteresser	<ul style="list-style-type: none"> Viltkart for Stryn kommune.
Friluftsliv og folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> Planlaget (muntlege kjelder). Sentrumsprosjektet Forprosjekt «samhandling i lokalt folkehelsearbeid»
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> Forprosjekt Miljøplan Stryn sentrum. Kalve og Støle 1994. Planlaget (muntlege kjelder)
Ureining	<ul style="list-style-type: none"> Problemkartlegging innan vassområde Stryn, marin del - Rapport LNR.6005-2010, NIVA
Verna vassdrag og vassressurs-forvaltning	<ul style="list-style-type: none"> Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021. Problemkartlegging innan vannområde Stryn. Marin del.
Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> Kjerneområde for landbruk og kulturlandskap (2006) Landbruksjef (muntleg kjelde).
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> Kulturminnesøk/Askeladden Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Den Trondhjemske Postvei. Fylkesprosjekt Sogn og Fjordane. Hovudplan for restaurering og forvaltning av postvegen. Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket, 2009-2012
Transportbehov	<ul style="list-style-type: none"> Planlaget (muntlege kjelder).
Trafikktryggleik	<ul style="list-style-type: none"> Teknisk sjef (muntleg kjelde).
Støy	<ul style="list-style-type: none"> Helikopterlandingsplassar i Stryn kommune. Støysoneberegninger. SINTEF-rapport A151. Juni 2006. Planlaget (muntlege kjelder).
Støv	<ul style="list-style-type: none"> Planlaget (muntlege kjelder).
Lukt	<ul style="list-style-type: none"> Molab AS. Rapport med vurdering av lukt ved etablering av behandlingsanlegg for slam i Stryn kommune.
Fiskeinteresser	<ul style="list-style-type: none"> Lakseregisteret – Miljødirektoratet Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Andre	<ul style="list-style-type: none"> Karakterisering av grunnvannsforekomster i vassområde Stryn. Asplan Viak, 03.05.2008.

3.5. UTGREIINGAR I PLANOMRÅDET

Det har vore naudsynt med ein del utgreiingar og undersøkingar i samband med planarbeidet, slik at grunnlaget for eit planvedtak er best mogleg. Ein del av desse er gjennomført, medan nokre er planlagde. Følgjande utgreiingar har hatt føringar for planen:

Sentrumsprosjektet: Worksonland Arkitektur & landskap har gjennomført ei kartlegging av Stryn sentrum for å skaffe fram systematisk kunnskap om tema som har noko å seie for utvikling av eit tettare sentrum. Identifisering av Stryn sin karakter og sær preg, natur- og kulturverdiar, historisk utvikling osv. Med bakgrunn i kartlegginga er det gjennomført analysar av grøntareal, infrastruktur, bebyggelsesstruktur m.v, og eit konsept for utvikling av Per Bolstad plass – Petterneset. I tillegg har prosjektet drøfta styrking av grøntstrukturen og avgrensing/fortetting av Stryn sentrum, parkering m.v. Hovudkonklusjonen er avgrensing og fortetting av sentrum, meir tilrettelegging for bustad, strukturering av gate og parkeringssystem og tettare kopling mot elva.

Setrevegen: Nordplan har vore engasjert til å gjere vurdering av Setrevegen som framtidig tilførselsveg mellom Stryn sentrum og bustadfelt/hyttefelt nord for Stryn sentrum. Ei «full» utbygging av områda Bøahagen, Tonningkamen og nord for Setrevegen vil ikkje utløyse behov for ny tilkomstveg til området, men tiltak for å auke kapasiteten vil vere aktuelt på deler av strekninga. Med bakgrunn i utgreiinga blir Setrevegen vidareført som hovudtilkomstveg til bustadområdet og hytteområdet nord for Stryn sentrum.

Faresonekartlegging av Stryn sentrum: Store deler av Stryn sentrum er vurdert i høve skred frå Gryta og Årheimsfjellet, både med tanke på snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred.

Luktkonsekvensutgreiing: Det er gjennomført ei vurdering av lukt ved etablering av slambehandlingsanlegg aust for Stryn Miljø- og næringspark og ei vurdering av no-situasjonen knytt til Miljøstasjonen / avfallshandtering i Stryn Miljøpark.

Intervjugranskning – næringsareal: For å få kartlagt korleis næringsarealet i Stryn sentrum vert nytta i dag, korleis næringslivet vurderer behovet for areal i framtida og kva formål dei ynskjer meir areal til i framtida, er det gjennomført ei intervjugranskning blant bedriftene i Stryn sentrum. Den viser at det er behov for å sikre meir areal i Stryn sentrum for å imøtekome behovet for utvikling i framtida. Spesielt vil det vere viktig å sikre areal med eksponering som kan nyttast til sal/utstilling lokalisert nær andre bedrifter. For dei tenestetytande bedriftene, og særleg bedrifter innan varehandel, er det viktig å vere lokalisert i Stryn sentrum også i framtida. 65 % av dei som deltok i undersøkinga, vurderer at behovet for tomteareal i Stryn sentrum vil i vere om lag som i dag, 35 % oppgjev behov for auka areal. Det er først og fremst behov for meir parkeringsareal og meir eksponeringsareal

Utvila kartlegging av biologisk mangfold: Det er gjennomført ny kartlegging av biologisk mangfold i samanheng med planarbeidet. Kartlegginga omfattar området mellom Faleide i vest, Bergsida i aust og Daleskogen i nord, i tillegg til Marsåvika og Vikabukta.

Kartlegging av kvikkleire: For å kunne vurdere nærmare avgrensingar og førekommstar av kvikkleire i området Stryn sentrum. Det er planlagt gjennomført ei avgrensa kartlegging ved hjelp av grunnundersøkingar i sentrumsområdet og stabilitetsvurdering/farevurdering.

Overvatn: Det er gjennomført eit arbeid for å få vurdert problemstillingar knytt til overvasshandtering og bekkesystem/flaumfare for bustadområda nord for Stryn sentrum, for Stryn Miljø- og næringspark og for nye næringsområde på Langeset. I dette arbeidet inngår utarbeidning av overordna plan og krav til rammevilkår for vassforsyning, avløp og overvatn.

3.6. KONSEKVENSUTGREIING AV PLANLAGTE BYGGEOMRÅDE

3.6.1. NYTT NÆRINGSAREAL N101

Område:	Langeset
Gnr/bnr:	149/4 og 5, 149/8, 149/9 og 10
Dagens føremål:	Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)
Føreslått føremål:	Næringsbygningar
Arealstorleik:	326,8 daa
Forslagstillaar:	Grunneigarane av 149/8
Skildring:	Arealet er eit kupert skogsområde nord-vest for Langeset. Området ligg sentralt plassert i høve Rv 15, og vil vere eit område som er godt eigna for arealkrevjande etableringar.

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfald	Naturtypekartlegginga i 2016 viste ingen prioriterte naturtyper i næringsareal N101. Den nærmestliggende lokaliteten er lok. 121 Langesetvatnet SØ (gamal boreal lauvskog) med verdivurdering B. Mot sør ligg lok. 130 Langeset gard (naturbeitemark) med verdivurdering B. Det er ikkje kartlagt raudlisteartar i planområdet for N101. Omfanget av tiltaket er vurdert som lite. Konsekvensen vert liten/ingen .	*	*	Liten/ingen
Viltinteresser	Viltkartet viser at dette furuskogområdet er leveområde for storfugl og den er potensielt hekkeområde for hønsehauk. Hekkande trane er registrert nær planområdet. Kornkråke og fleire mindre vanlege fuglearistar er registrert utanfor området, ved Kobbetjønn.	**	**	Middels til liten negativ
Friluftsliv/folkehelse	Det er utarbeidd orienteringskart for området og det føregår mykje turaktivitet i området mellom Langeset-Hatledal og Ullsheim. Den opne furuskogen i området inviterer til alle typar aktivitet slik som bærplukking turgåing, skitur og jakt. Det er god avstand til Kobbetjønn, som er eit sentralt punkt for friluftsliv i området.	**	**	Middels negativ
Landskap	Landskapet i N101 er avskore frå det verdifulle kulturlandskapet rundt garden Langeset og ligg i god og usynleg avstand til Rv15. Det er ikkje registrert spesielle kvalitetar i landskapet, utanom at det er ope, tilgjengeleg og utan vesentlege inngrep utanom skogsvegar.	**	*	Liten
Ureining	Verksemder i området må tilknytast eksisterande VA-anlegg i Stryn Miljø- og Næringspark på grunn av at Sindrevassdraget og Hornindalsvatnet (spesielt Kjøsapollen) er sårbart for ureining. Mellom anna er Hornindalsvatnet drikkevasskjelde for Eid kommune. Eventuell akutt ureining vil kunne få store negative konsekvensar men dette må unngåast gjennom plankrav i delplanen.	***	**	Middels negativ
Landbruk	Arealet er utmark med litt skog, noko myr. Skogbruksplan for arealet viser at der er mykje			

	gammal furuskog. Ein del av denne er no hoggen ut.	*	*	Liten
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert viktige kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Området har god avstand til det vakre kulturmiljøet på Langeset.	*	*	Liten/ingen
Transportbehov	Området ligg nær Rv 15 og det framtidige kryssningspunktet mellom Rv 15 og E39, og dermed særdeles gunstig plassert i høve framtidig transport på veg. Avstanden både til Stryn sentrum og Grodås vert kort.	***	***	Stor positiv
Støy	Avhengig av kva verksemد som vert etablert i området vil støy kunne vera generande i høve bustader på Langeset.	**	*	Liten/ingen

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Gjennom å setje plankrav i høve potensiell ureining av vatn kan ein sikre ein totalt sett lite konfliktfylt etablering i området. Alternativet til dette området er planframlegget på N102 og N103.

Konklusjon:

Liten til middels stor konsekvens.

ROS (RISIKO OG SÅRBARHEIT) - NYTT NÆRINGSSAREAL N101

Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikke uttømmande liste.	Ja	Nei
Skred	Er området utsett for skred ifølgje aktsemdeskarta? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?		X X X
Vind/ekstremvær	Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?	X	X
Flaum	Er tiltaket utsett for flaum? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?		X X X
Radon	Behov for radonmåling?		X
Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.	X	
Verksemd risiko			
Eksplosivlager	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?		X
Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?		X X
Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?		X
Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?		X
Dambrot	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?		X
Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?		X X
Sårbare objekt			
Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?		X
Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		X
Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?		X
Drikkevatn og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?		X
El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		X
Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?		X
Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.	X	
Beredskap			
Politi/brann/ ambulanse/lege	Utløyer tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		X
Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		X
Vasstrykk/sløkkjevatn	Utløyer tiltaket behov for forsterka kapasitet?	X	
Samvirke av tiltak	Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?	X	

Kommentar:

N101 vil bli tilkopla eksisterande VA- anlegg i SMNP. Overvatn vil bli løyst som ein del av ei felles overvasshandtering for SMNP. Sløkkevatn kan løysast frå eit nytt høgdebasseng aust for området.

3.6.2. VURDERT NYTT NÆRINGSAREAL N102

Område:	Langeset
Gnr/bnr:	149/2
Dagens føremål:	Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)
Føreslått føremål:	Næringsbygningar
Arealstorleik:	70,4 daa
Forslagstilar:	Stryn kommune
Skildring:	Området ligg sør for Rv 15, rett nord for Langesethøgda. Arealet er eit flatt myr/skogområde sentralt i høve Rv 15. Med Rv 15 som klar avgrensing vil ein unngå å kome i kontakt med det verdifulle natur- og kulturlandskapet på Langeset. Området er avgrensa sørover av Den Trondhjemske postvei og nord-vestover av Langesetvatnet. N102 vil ha store kvalitetar som supplement til Stryn Miljø- og Næringspark.

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfald	Naturtypekartlegginga i 2016 viste ingen prioriterte naturtyper i næringsareal N102. Den nærmestliggende lokaliteten er Lok nr 122 Langesetvatnet sør (nedbørsmyr og jordvannsmyr) med verdivurdering B. Rett nord for planområdet ligg lok. 121 Langesetvatnet SØ (gamal boreal lauvskog) med verdivurdering B. Mot øst ligg lok. 130 Langeset gard (naturbeitemark) med verdivurdering B. Det er ikkje kartlagt raudlisteartar i planområdet for N102, men i kulturlandskapet på motsatt side av Rv 15 er det registrert ein sterkt truga sommarfuglart; Sommerengmott. Omfanget av tiltaket er vurdert som middels stort. Konsekvensen vert liten/ingen .	*	**	Liten/ingen
Viltinteresser	Det viktigaste aust-vestgående hjortetrekket mellom Nordfjorden og Hornindalsvatnet går i sørrenden av Langesetvatnet. Her har vi dokumentasjon på hjort frå sommarbeite i Frøysadalen og vinterbeite på Lote. Dette er regionalt viktig trekk, som ein må ta vare på. Det vil ein greie ved å avgrense byggeområdet slik det er tilrådd i planen. Alternativet kan vera at ein får hjortetrekket på stader som gjev mykje større kollisjonsfare. Furuskogområdet i N102, som går samanhengande rundt Randaskogen og heilt ut til Holmøyane, inneheld ein tynn bestand av storfugl. I furuskogområdet her ute har det også vore hekking av hønsehauk dei seinare åra. Hekkande trane er registrert nær planområdet, seinast i 2016. Omfang middels stort, konsekvens middels negativ .	**	**	Middels negativ
Friluftsliv og folkehelse	Trondheimske Postveg er ein svært viktig turveg, fordi den er samanhengande over så store avstandar (gjennom 4 fylke). Potensialet etter at turvegen er merka og har fått informasjonsopplegg er enda større. Ei 15 meters omsynssone til turvegen er lagt inn i planen.	**	*	Liten negativ
Landskap	Landskapet i N102 er avskore frå det verdifulle kulturlandskapet rundt garden Langeset. Større masseyllingar i området har teke vekk myrpartiet som			

	var her. Verdien av området som landskap er sterkt redusert. Bygging av næringsbygg i området vil kunne skjermast vekk frå det viktige landskapet på motsett side av vegen. Avstanden til Langesetvatnet er også så stor at ein i liten grad vil berøre våtmarksmiljøet her ute.	*	**	Liten negativ
Ureining	Verksemder i området må tilknytast eksisterande VA-anlegg i Stryn Miljø- og Næringspark på grunn av at Sindrevassdraget og Hornindalsvatnet (spesielt Kjøsapollen) er sårbart for ureining. Mellom anna er Hornindalsvatnet drikkevasskjelde for Eid kommune. Eventuell akutt ureining vil kunne få store negative konsekvensar men dette må unngåast gjennom plankrav i delplanen.	***	**	Middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Den Trondheimske Postveg ligg vest for N102. Postvegen har opprinnleie to trasear forbi dette området, men berre den austlegaste traseen vert nytta som turveg i dag. I soneplan for Markane, vedteken 1984, er postvegen omtala i pkt. 5.5 «Areal av kultur-historisk verdi». Det er eit areal på 10 meter breidde på både sider av postvegen lagt ut som areal av kulturhistorisk verdi. Den delen av Trondheimske Postveg som ligg i Markane er spesielt verdifull som kulturminne på grunn av alle bygningane som har tilknyting til vegen på Faleide (Skaffarbustaden, Utigard Faleide, brygge, handelshus og naust). Konsekvensane for postvegen som kulturmiljø er større enn konsekvensane for traseen som turveg. Turvegen kan langt på veg skjermast, men skjerminga vil vera eit framandelement i kulturmiljøet.	***	***	Stor negativ
Transportbehov	Avstanden mellom Stryn Miljø- og Næringspark og Stryn sentrum er ca 7 km. Det er allereie etablert ca. 90 arbeidsplassar i parken. Mange av desse pendlar til og frå Stryn sentrum. Utviding av næringsparken vil auke transportbehovet.		*	Liten/ingen konsekvens
Støy	Avhengig av kva verksemeld som vert etablert i området vil støy kunne vera generande i høve bustader og gardsbruk i området. Ein bør unngå verksemeld som medfører utomhus støyande aktivitet.		*	Liten/ingen konsekvens
Lukt	Det er ikkje planlagt verksemeld som vil kunne gje luktproblem i N102.		*	Liten/ingen konsekvens

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Gjennom å setje plankrav i høve potensiell ureining av vatn, skjerming av området og at ein unngår dyrka marka og våtmarka mot Langesetvatnet, kan ein sikre ein totalt sett lite konfliktfylt etablering i området. Kulturlandskapet vert negativt påverka. Alternative område er N101 og N103.

Konklusjon:

Liten til middels stor konsekvens.

ROS (RISIKO OG SÅRBARHEIT) – VURDERT NYTT NÆRINGSAREAL N102

Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikke uttømmande liste.	Ja	Nei
Skred	Er området utsett for skred ifølgje aktsemdeskarta? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?		X X X
Vind/ekstremvær	Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?	X	X
Flaum	Er tiltaket utsett for flaum? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?		X X X
Radon	Behov for radonmåling?		X
Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.	X	
Verksemd risiko			
Eksplosivlager	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?	X	
Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?	X	X
Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?		X
Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?		X
Dambrot	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?		X
Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?		X X
Sårbare objekt			
Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?		X
Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		X
Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?	X	
Drikkevatn og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, ledningsnett for vatn og avløp?		X
El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		X
Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?		X
Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.	X	
Beredskap			
Politi/brann/ ambulanse/lege	Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		X
Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		X
Vasstrykk/sløkkjevatn	Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?		X
Samvirke av tiltak	Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?	X	

Kommentar:

Tiltaket vil samla sett kunne ha negativ visuell påverknad i området i høve natur/kulturverdiar og mot offentleg veg. Det må difor leggast føringar på type verksemd gjennom utarbeiding av reguleringsplan.

N102 vil bli tilkopla eksisterande VA- anlegg i SMNP. Overvatn kan løysast som ein del av ei felles overvasshandtering for SMNP.

3.6.3. NYTT NÆRINGSAREAL N103

Område:	Langeset
Gnr/bnr:	150/1, 150/2,4 og 150/3
Dagens føremål:	Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)
Føreslått føremål:	Næringsbygningar
Arealstorleik:	87,3 daa
Forslagstillar:	Grunneigar 150/1 Reidmar Faleide
Skildring:	<p>Arealet ligg vest for rv. 15 på Langesethøgda, og er ei utviding av tidlegare godkjent næringsareal. N103 er eit areal der det naturleg ligg til rette for å utvide miljø- og næringsparken. Arealet ligg svært sentralt i høve Rv 15/framtidig E39 og er godt eigna for næringsføremål. Arealet må få ei byggegrense mot Trondheimske Postveg, og ein skjermande, tilplanta voll mot vegen.</p>

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfold	Naturtypekartlegginga i 2016 viste ingen prioriterte naturtyper i næringsareal N103. Den nærmestliggende lokaliteten er Lok nr 122 Langesetvatnet sør med verdivurdering B. Det er ikkje kartlagt raudlisteartar i planområdet for N103. Omfanget av tiltaket er vurdert som middels til stort. Konsekvensen vert liten/ingen konsekvens .	*	**	Liten/ingen konsekvens
Viltinteresser	Regionalt viktige hjortetrekk går ikkje gjennom dette området no etter at SMNP vart etablert. Derimot går eit lokalt viktig trekk nord-sør til og frå vinterbeita ned mot Faleide vest for området. Furuskogområdet her, som går samanhengande frå Faleide, rundt Sør-Markane og til Randaskogen og Holmøyane er leveområde for storfugl og hønsehauk. Ein lokal bestand av trane held også til i området.	*	*	Liten/ingen
Friluftsliv og folkehelse	Trondheimske Postveg er ein svært viktig turveg. Den går delvis samanhengende gjennom 4 fylke. Etter eventuell merking og informasjonsopplegg vil verdien av vegen verte enda større. N103 vil få næringsverksemder svært nær inntil turvegen sjølv om ein har 10 meters byggegrense som tilrådd.	**	**	Middels negativ
Landskap	Sett frå Rv 15 står området for møtet mellom det innlandsprega Markane og fjorden ved Faleide. Fjellpartiet står som ein knaus i terrenget, men framstår som eit urørt, mildt landskap. Myra i bakkant berikar landskapet. Miljø- og næringsparken som ligg lengre aust, er skjerma vekk med vegetasjon og bevaring av naturlege terregnformer. Noko av landskapsforma i N103 kan takast vare på ved at ein ikkje bygger for langt mot sør, og at ein etablerer bygningsmassen i ulike nivå, i tillegg til skjerming mot Rv15 og Trondheimske Postveg.	**	**	Middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Den Trondheimske Postveg avgrensar N103 mot vest. Postvegen har opphavleg to trasear forbi dette området, men berre den austlegaste traseen vert nytta som turveg i dag. I soneplan for Markane, 1984, er postvegen omtala i pkt. 5.5 «Areal av kultur-historisk verdi». Der er det bestemt at eit areal på 10 meter breidde på både sider av postvegen skulle leggast ut som areal av			

	kulturhistorisk verdi. Den delen av Trondheimske Postveg som ligg i Markane er spesielt verdifull som kulturminne på grunn av alle bygningane som har tilknytning til vegen på Faleide (Skaffarbustaden, Utigard Faleide, brygge, handelshus og naust). Konsekvensane for postvegen som kulturmiljø er større enn konsekvensane for traseen som turveg. Turvegen kan langt på veg skjermast, men skjerminga vil vera eit framandelement i kulturmiljøet.	***	**	Stor negativ
Transportbehov	Avstanden mellom Stryn Miljø- og Næringspark og Stryn sentrum er ca 7 km. Det er allereie etablert ca 90 arbeidsplassar i parken. Mange av desse pendlar til og fra Stryn sentrum. Utviding av næringsparken vil auke transportbehovet. Vi vurderer likevel konsekvensen som liten.		*	Liten/ingen konsekvens
Støy	Utandørs arbeidsplassar vil periodevis kunne vera utsatt for støy frå helikopterlandingsplassen i aust (eksisterande verksemd). Arealet ligg likevel nesten i sin heilskap utanfor raud og gul sone i støysoneberekinga. Støyverknaden av det planlagde tiltaket i N103 både mot kulturmiljøet og friluftslivet vil verte liten.		*	Liten/ingen konsekvens
Lukt	Det er ikkje planlagt verksemd som vil kunne gje luktproblem i N103.		*	Liten/ingen konsekvens

Samla vurdering og eventuelle alternativ: Nest etter N111 har Stryn kommune i dag ingen alternative næringsområde som vil gje så små negative konsekvensar for andre interesser som N103, trass i betydeleg negativ konsekvens for Trondheimske Postveg som kulturminne. ROS-analysen viser også at dette området er lite utsatt for naturfare av alle typer, og det er lagt opp til gode løysingar innan VA. Alternative lokalitetar som er vurdert er N101 og N102.

Konklusjon:

Liten negativ konsekvens til middels negativ konsekvens.

ROS (RISIKO OG SÅRBARHEIT) - NYTT NÆRINGSAREAL N103

Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikke uttømmande liste.	Ja	Nei
Skred	Er området utsett for skred ifølgje aktsemdeskarta? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?	X X	X X
Vind/ekstremvær	Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?	X	X
Flaum	Er tiltaket utsett for flaum? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?		X X X
Radon	Behov for radonmåling?		X
Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.	X	
Verksemd risiko			
Eksplosivlager	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?		X
Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?	X	X
Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?		X
Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?		X
Dambrot	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?		X
Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?	X	X
Sårbare objekt			
Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?		X
Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		X
Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?	X	
Drikkevatn og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, ledningsnett for vatn og avløp?		X
El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		X
Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?		X
Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.	X	
Beredskap			
Politi/brann/ ambulanse/lege	Utløyer tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		X
Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		X
Vasstrykk/sløkkjевatn	Utløyer tiltaket behov for forsterka kapasitet?		X
Samvirke av tiltak			
	Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?	X	

Kommentar:

Erstatte myr med «harde flater» vil påverke avrenning frå området, eventuelle tiltak må avklarast ved utarbeidning av reguleringsplan. Overvasshandtering vil bli løyst som ein del av ei felles overvasshandtering for SMNP.

Skjerming mot «postvegen» med kantvegetasjon vil truleg redusere ulempene for friluftsliv/rekreasjon, og bør vurderast på reguleringsplannivå.

3.6.4. NYTT NÆRINGSAREAL N115

Område:	Vikabukta
Gnr/bnr:	46/1, 46/2, 46/8, 46/22, 46/68, 46/69, 46/71, 46/84, 46/85, 46/90
Dagens føremål:	Friluftsområde i vassdrag
Føreslått føremål:	Næringsbygningar
Arealstorleik:	46,6 daa
Forslagstillar:	NOMEK
Skildring:	I førearbeidet med revisjon av kommunedelplan for Stryn sentrum har det på ny kome innspel om utfylling i Vikabukta, og det er vilje i kommunen til meir utfylling. Administrasjonen meiner at dei miljøkvalitetane som står på spel i Vikabukta no er i ferd med å verte marginaliserte og ein tilrår at ein vel mellom tre alternativ: <ol style="list-style-type: none"> 1. Full utfylling av Vikabukta med tilpassing av ein bekk frå Vik til Grønevik. 2. Halv utfylling av Vikabukta i høve dagens fyllingsgrad. 3. Ikke meir utfylling i Vikabukta slik det er lagt opp til i eksisterande kommunedelplan. <p>3-alternativet (ikkje meir utfylling) vert ikkje konsekvensvurdert her.</p>

Halv utfylling:

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfald	<p>Naturtypen <i>brakkvassdelta</i> er ei svært verdifull naturtype, fordi den normalt dekker så små areal og er så sårbar med sin beliggenhet. Deltaet i Stryneelva er det klart best bevarte i Stryn kommune (Olden har berre små restar og Loen eit lite strandavsnitt ved sidan av det manipulerte elveutløpet). Deltaet i Stryn er vurdert som verneverdi A, som er høgaste verdi.</p> <p>Aktivt marint delta er vurdert som ein sårbar naturtype. Bruksverdien av deltaet i naturfagsundervisning er veldig stor. Det ser vi eksempel på i Kjeldevatnet, der vidaregåande skule har studieområde i Nettverk for miljølære.</p> <p>Med nyregistreringa av plantegruppa pusleplanter i 2016 er det no registrert minimum 8 raudlisteartar i Vikabukta: Dvergsivaks (fyrstegongsreg.), firling, pusleblom, stær, hettemåke, fiskemåke, strandsnipe og ål. Regionalt sjeldne er planteartane evjebrodd og nålsivaks. I tillegg kan ein forvente at raudlistearten skaftevjeblom er å finne i vika.</p> <p>Verdien av Vikabukta er vurdert som stor. Både med halv og full utfylling av Vikaleirane vil Vikabukta som marint delta kunne verte øydelagd. Dette fordi vassgjennomstrøyminga ifølge ein NIVA-rapport vert for liten til å sleppe inn nok salt vatn på floa, eller fordi avstanden mellom industribygg på leirane og bustadområdet på andre sida vert for lite. Dermed har vi berre hovudelveløpet med dei to leirane igjen av det opprinnelege deltaet. Omfanget av inngrepet er stort og verknadane store negative.</p>	***	***	Stor negativ
Viltinteresser	Vikaleirane har fleire raudlisteartar (strandsnipe, hettemåke, fiskemåke og stær), i tillegg til stokkand og			

	fiskeender. For mange artar er inngrepa og uroingane i området vorte for mange til at dei kan finne livsgrunnlag her. Halv utfylling vil mest truleg føre til at strandsnipa forsvinn. Andre artar, som hettemåke vil verte for uroa av at vika vert for smal mellom bustad og industribygg. Full utfylling vil fjerne denne mudderbanken som matkjelde for mange fugleartar heilt. Mellom andre hettemåkekolonien i Kjelddeflata, som no er den siste kolonirugeplassen ved Stryn sentrum.	***	***	Stor negativ
Friluftsliv og folkehelse	Frå Stryn sentrum mot vest har vi framleis ingen opparbeidd ferdselsåre for gåande eller syklande. Med ny E39 vil trøgen for slike ferdselsårer auke. Med tanke på folkehelsa er det viktig at alle har tilgang til turtrasear i sitt nærmiljø. Planlagt turløype rundt Vikabukta vil kunne få stor betydning som turløype for alle som bur i Stryn sentrum. Vassmiljøet i Vikabukta har stor verdi for fleire grupperingar, mellom anna for opplæring i bruk av kano og kajakk. Både halv og full utfylling vil ha så stort omfang at det vil hemme sjansene for å få til gode bruksareal for friluftsliv i Vikabukta. For folkehelsa til beburane i Grønevik-Hool er det negativt å verte «innebygd» av næringsareal og miste tilknytninga til fjordbukta. Konsekvensane for friluftsliv og folkehelse totalt vert middels til store negativ .	**	**	Middels negativ
Landskap	Vikaleirane er ein rest av eit stort deltaområde, men utgjer framleis eit svært viktig landskapselement inneklemt mellom industriområdet, gardstuna i Vik og bustadområdet i Grønevik. Som innfallsport frå vest er Vikabukta eit positivt landskapselement, men eksisterande utfylling er kome så langt at verdien er vurdert som middels stor. Med halv fylling av restarealet vil elementet brakk elveos verte så liten at den mistar sin estetiske betydning og garden Vik misser tilknytninga til fjorden. Derfor vert konsekvensane vurdert som like store for både halv og heil utfylling; Stor negativ konsekvens .	**	***	Stor negativ
Ureining	Næringsaktiviteten som er aktuell å plassere i området kan gi ureining både til vatn (olje og kjemikalier, lakk) og til luft. Eksisterande bedrifter i området har medført ureining av grunnen. Vi vil likevel forvente liten til middels negativ konsekvens med ny utfylling.		**	Liten til middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Det eine av gardstuna i Vik (46/2) er vurdert til vernekasse A i SEFRÅK-registeret som bygningsmiljø. Det omfattar bustadhús, røykstove, stabbur, eldhús og driftsbygning. Dette er eitt av dei best bevarte kulturmiljøa i Stryn sentrum. Den tilknytninga denne garden har til fjorden er ganske sjeldan i vår kommune, og den er framleis langt på veg intakt. Vi kjenner ikkje kulturminne i vatni i området. Halv utfylling vil langt på veg kappa av bandet mellom garden Vik og fjorden og ta vekk ein vesentleg del av kulturverdiane til gardsanlegget. Verdien vert vurdert som stor, omfanget middels stort og konsekvensen middels til stor negativ .	***	**	Middels negativ
Transporbehov	Etablering av næringsareal i eller nær større			

	handelssentrum som Stryn kan føre med seg mindre transportbehov for personell og varer og dermed mindre negative verknader på klima. Næringslivet på Vikaleirane er i liten grad basert på lokal detaljomsetning av varer og tenester. I høve alternativ etablering av næringsareal vil lokaliseringa vera middels positiv .		*	Middels positive
Støy	Området har allereie i dag ein god del støy. For bustadområdet i Grønevik vil halv utfylling i liten grad føre til auka støybelastning. Vi vurderer konsekvensane til liten/ingen .	**	*	Liten/ingen
Fiskeinteresser Nasjonal laksefjord og nasjonalt laksevassdrag	Nordfjorden er nasjonal laksefjord og Stryneelva er nasjonalt laksevassdrag. Tynn bestand av sjøaure registrert i Vikaelva. Vikabukta utgjer ein vesentleg del av brakkvassona til begge elvene og er naturleg beiteområde og avlusingssone spesielt for sjøaure, men også laks. Med halv utfylling og forventa manglende vassutskifting vil verdien av leveområdet verta redusert på grunn av liten brakkvassone i hovudelva. Verdien er satt til stor. Omfanget er middels. Og konsekvensen middels negativ .	***	**	Middels negativ
Verna vassdrag	Vikaleirane er ein del av det varig verna vassdraget Strynevassdraget, men i høve plan for differensiert forvaltning av vassdraget ligg Leirane utanfor plansomra, inntil klasse I-område, som er tettstadnære område. Om slike område seier planen at det skal leggast særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøve for å kome til elva for å drive friluftsliv. Brakkvassona i Stryneelva er ein eigen vassførekomst i Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion. NIVA, på vegne av Statens vegvesen, har i 2010 gjennomført undersøkingar i Vikabukta med tanke på vassirkulasjonen og dermed vasskvaliteten. Flo og fjøre er einaste faktor som i nokon grad påverkar vassutskiftinga. Åpninga i Riksveg 15 var stor nok til at vasstanden innanfor vika kunne følgje vasstanden utanfor, i elva. Dermed er opninga stor nok til at ein unngår oksygensvikt og dårleg vasskvalitet. Men tilhøva er marginale. NIVA anbefaler i sin kartleggingsrapport slik: «Området har høg biologisk verdi og anbefalingane er ei oppfølging av utviklinga av området og å motverke ytterlegare biologisk gjengroing og fysisk utbygging av grunnområdet da dette kan redusere vassutskiftinga betydeleg».	***	**	Stor negativ
Samfunn	Det nye næringsarealet ligg svært sentralt i sentrum med lett tilgjengeleghet til alle samfunnstjenester like ved. Eksponeringa av området mot veg er god. Etablerte bedrifter i området har store ekspansjonsmoglegheiter og vil ha store økonomiske fordeler med vidare ekspansjon i dette området samanlikna med på til dømes Langesethøgda. Samfunnsinteressene utanom miljøverninteressene står omtalt i punkt 4.1.3.	***	**	Stor positiv

--	--	--	--	--

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Dei samla miljøkonsekvensane av halv utfylling vert **store negative**. Rådmannen si tilråding er likevel å gjennomføre tiltaket, som full utfylling, fordi konsekvensane på samfunnet (utanom miljøverninteressene) er **store positive**. Dette står omtala i punkt 4.1.3.

Konklusjon: For miljøverninteressene totalt gjev tiltaket **stor negativ konsekvens**.

For andre samfunnsinteresser enn miljøverninteressene er konsekvensen: **Stor positiv**.

Full utfylling:

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfold	<p>Naturtypen <i>brakkvassdelta</i> er ei svært verdifull naturtype, fordi den normalt dekker så små areal og er så sårbar med sin beliggenheit. Deltaet i Stryneelva er det klart best bevarte i Stryn kommune (Olden har berre små restar og Loen eit lite strandavsnitt ved sida av det manipulerte elveutløpet). Deltaet i Stryn er vurdert som verneverdi A, som er høgaste verdi.</p> <p>Aktivt marint delta er vurdert som ein sårbar naturtype. Bruksverdien av deltaet i naturfagsundervisning er veldig stor. Det ser vi eksempel på i Kjeldevatnet, der vidaregåande skule har studieområde i Nettverk for miljølære.</p> <p>Med nyregistreringa av plantegruppa pusleplanter i 2016 er det no registrert minimum 8 raudlisteartar i Vikabukta: Dvergsivaks (fyrstegongsreg.), firling, pusleblom, stær, hettemåke, fiskemåke, strandsnipe og ål. Regionalt sjeldne er planteartane evjebrodd og nålsivaks. I tillegg kan ein forvente at raudlistearten skaftevjeblom er å finne i vika.</p> <p>Verdien av Vikabukta er vurdert som stor. Både med halv og full utfylling av Vikaleirane vil Vikabukta som marint delta kunne verte øydelagt. Dette fordi vassgjennomstrøyminga ifølge ein NIVA-rapport vert for liten til å sleppe inn nok salt vatn på floa, eller fordi avstanden mellom industribygg på leirane og bustadområdet på andre sida vert for lite. Dermed har vi berre hovudelveløpet med dei to leirane igjen av det opprinnelege deltaet. Omfanget av inngrepet er stort og verknadane store negative.</p>	***	***	Stor negativ
Viltinteresser	Full utfylling vil fjerne gruntvassområdet og mudderbanken totalt. Matkjelda for fleire fugleartar i våtmarksområdet vil dermed forsvinne. Mest sannsynleg vil dette føre til at den sjeldne hettemåkekolonien i Kjeldeflata forsvinn.	***	***	Stor negativ
Friluftsliv og folkehelse	Frå Stryn sentrum mot vest har vi framleis ingen opparbeidd ferdsselsåre for gåande eller syklande. Med ny E39 vil trøgen for slike ferdsselsårer auke. Med tanke på folkehelsa er det viktig at alle har tilgang til turtrasear i sitt nærmiljø. Planlagt turløype rundt Vikabukta vil kunne få stor betydning som turløype			

	for alle som bur i Stryn sentrum. Vassmiljøet i Vikabukta har stor verdi for fleire grupperingar, mellom anna for opplæring i bruk av kano og kajakk. Både halv og full utfylling vil ha så stort omfang at det vil hemme sjansene for å få til gode bruksareal for friluftsliv i Vikabukta. For folkehelsa til bebuarane i Grønevik-Hool er det negativt å verte «innebygd» av næringsareal og miste tilknytninga til fjordbukta. Konsekvensane for friluftsliv og folkehelse totalt vert store negative .	**	***	Stor negativ
Landskap	Vikaleirane er ein rest av eit stort deltaområde, og utgjer eit svært viktig landskapsselement som innfallsport frå vest, spesielt i høve til garden Vik. Men eksisterande utfylling er kome så langt at verdien er vurdert som middels stor. Med halv fylling av restarealet vil elementet brakk elveos verte så liten at den mistar sin estetiske betydning og garden Vik misser tilknytninga til fjorden. Derfor vert konsekvensane vurdert som like store for både halv og heil utfylling; Stor negativ konsekvens.	**	***	Stor negativ
Ureining	Næringsaktiviteten som er aktuell å plassere i området kan gi ureining både til vatn (olje og kjemikalier, lakk) og til luft. Eksisterande bedrifter i området har medført ureining av grunnen. Vi vil likevel forvente liten til middels negativ konsekvens med ny utfylling.	*	**	Liten til middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Det eine av gardstuna i Vik (46/2) er vurdert til vernekasse A i SEFRAK-registeret som bygningsmiljø. Det omfattar bustadhús, røykstove, stabbur, eldhús og driftsbygning. Dette er eitt av dei best bevarte kulturmiljøa i Stryn sentrum. Den tilknytninga denne garden har til fjorden er ganske sjeldan i vår kommune, og den er framleis langt på veg intakt. Vi kjenner ikkje kulturminne i vatn i området. Full utfylling vil fjerne fjordgarden sin tilknytning til fjorden og ta vekk ein vesentleg del av kulturverdiane til gardsanlegget. Verdien vert vurdert som stor, omfanget stort og konsekvensen stor negativ .	***	***	Stor negativ
Transporbehov	Etablering av næringsareal i eller nær større handelssentrum som Stryn kan føre med seg mindre transportbehov for personell og varer og dermed mindre negative verknader på klima. Næringslivet på Vikaleirane er i liten grad basert på lokal detaljomsetning av varer og tenester. I høve alternativ etablering av næringsareal vil lokaliseringa vera middels positiv .	***	*	Middels positive
Støy	Bustadområdet i Grønevik vil naturleg nok få trafikk og varetransport mykje tettare innpå seg med full utfylling og bruk av arealet til industriell næringsproduksjon. Konsekvensane for området vert middels store negative. Dette kan kompenserast ved støyvern mot bustadtomtene. Men støyvern vil på den andre side kunne virke negativt estetisk. Vurdering: Middels negativ konsekvens.	**	**	Middels negative
Fiskeinteresser Nasjonal laksefjord og nasjonalt	Nordfjorden er nasjonal laksefjord og Stryneelva er nasjonalt laksevassdrag. Tynn bestand av sjøaure registrert i Vikaelva. Vikabukta utgjer ein vesentleg del av brakkvassona til begge elvene og er naturleg			

Laksevassdrag	beiteområde og avlusingssone spesielt for sjøaure, men også laks. Med full utfylling misser Vikaelva nesten heile brakkvassona og Stryneelva eit viktig alternativ. Verdien er satt til stor . Omfanget er stort. Og konsekvensen middels til stor negativ .	***	***	Middels til stor negativ
Verna vassdrag	Vikaleirane er ein del av det varig verna vassdraget Strynevassdraget, men i høve plan for differensiert forvaltning av vassdraget ligg Leirane utanfor plansonan, inntil klasse I-område, som er tettstadnære område. Om slike område seier planen at det skal leggast særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøve for å kome til elva for å drive friluftsliv. Brakkvassona i Stryneelva er ein eigen vassførekomst i Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion. NIVA, på vegne av Statens vegvesen, har i 2010 gjennomført undersøkingar i Vikabukta med tanke på vassirkulasjonen og dermed vasskvaliteten. Flo og fjøre er einaste faktor som i nokon grad påverkar vassutskiftinga. Åpninga i Riksveg 15 var stor nok til at vasstanden innanfor vika kunne følgje vasstanden utanfor, i elva. Dermed er opninga stor nok til at ein unngår oksygensvikt og därleg vasskvalitet. Men tilhøva er marginale. NIVA anbefaler i sin kartleggingsrapport slik: «Området har høg biologisk verdi og anbefalingane er ei oppfølging av utviklinga av området og å motverke ytterlegare biologisk gjengroing og fysisk utbygging av grunnområdet da dette kan redusere vassutskiftinga betydeleg».	***	**	Stor negativ
Samfunn				
	Det nye næringsarealet ligg svært sentralt i sentrum med lett tilgjengeleghet til alle samfunnstjenester like ved. Eksponeringa av området mot veg er god. Etablerte bedrifter i området har store ekspansjonsmoglegheiter og vil ha store økonomiske fordeler med vidare ekspansjon i dette området samanlikna med på til dømes Langesethøgda. Samfunnsinteressene utanom miljøverninteressene står omtalt i punkt 4.1.3.	***	**	Stor positiv

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Dei samla miljøkonsekvensane av full utfylling vert **store negative, akkurat som for halv utfylling**. Rådmannen si tilråding er likevel å gjennomføre tiltaket med full utfylling, fordi konsekvensane på samfunnet (utanom miljøverninteressene) er **store positive**. Dette står omtala i punkt 4.1.2.

Konklusjon: For miljøverninteressene totalt gjev tiltaket **stor negativ konsekvens**.

For andre samfunnsinteresser enn miljøverninteressene er konsekvensen: **Stor positiv**.

ROS (RISIKO OG SÅRBARHEIT) - NYTT NÆRINGSAREAL N115

Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikke uttømmande liste.	Ja	Nei
Skred	Er området utsett for skred ifølgje aktsemdeskarta? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?		X X X
Vind/ekstremvær	Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?	X X	
Flaum	Er tiltaket utsett for flaum? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?	X X	X
Radon	Behov for radonmåling?		X
Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.	X	
Verksemd risiko			
Eksplosivlager	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?		X
Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?		X X
Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?	X	X
Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?		X
Dambrot	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?	X	
Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?		X X
Sårbare objekt			
Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?	X	
Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		X
Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?	X	
Drikkevatn og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, ledningsnett for vatn og avløp?		X
El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		X
Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?	X	
Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.	X	
Beredskap			
Politi/brann/ ambulanse/lege	Utløyer tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		X
Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		X
Vasstrykk/sløkkjevatn	Utløyer tiltaket behov for forsterka kapasitet?		X
Samvirke av tiltak	Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?	X	

Kommentar:

Reell fare for dambrot og konsekvensar for området må avklarast ved utarbeiding av reguleringsplan. Med bakgrunn i ROS-analysen er det sett krav i føresegndene om kartlegging av grunnforhold (kvikkleire) og flaumfarekartlegging (stormflo).

3.6.5. NYTT NÆRINGSAREAL N127

Område:	Marsåvika
Gnr/bnr:	84/1, 83/4, 83/7, 83/9, 83/10 og 83/14
Dagens føremål:	Landbruks, natur- og friluftsområde (LNF) og kaste- og låssetningsplass
Føreslått føremål:	Næringsbygningar og råstoffutvinning
Arealstorleik:	23 daa
Forslagstillar:	Nordplan AS på vegne av O.E.Hagen
Skildring:	Området ligg mellom Fv 60 og sjøen, omlag 5 km fra Stryn sentrum mot Loen. Deler av området har tidlegare vore nytt til lager for drivstoff. Med god tilgang til sjøen er dette eit næringsområde med spesielle kvalitetar som utgjer eit verdifullt supplement til andre næringsområde.

Tema	Skildring	Verdi	Omfang	Konsekvens
Miljø				
Naturmangfold	Naturbaselokaliteten Strand med ID BN00002025, med rik edellauvskog og verdivurdert som svært viktig, hadde si grense ned for fv 60 og inn i planområdet for næringsarealet. Ny kartlegging i 2013 endra avgrensinga av lokaliteten til å ligge ovafor fv. 60, til dels med god margin. Naturtypekartlegginga i 2016 viste eit massetak som låg i planområdet ved fyrste gongs utlegging ville berøre naturtypelokaliteten og også ein raudlisteart; orkideen fuglereir. Ved andre gongs utlegging av planen er massetaket på ovafersida av vegen trekt ut av planen. Dermed ligg det no ingen prioriterte naturtyper i næringsareal N127, og det er ikkje registrert raudlisteartar i området. Omfanget av tiltaket er vurdert som lite. Konsekvensen vert liten/ingen .	*	*	Liten/ingen
Viltinteresser	Like sør for området ligg det einaste skjæret i Stryn sin del av Nordfjorden. Skjæret har sparsomt med vegetasjon men har desto større betydning for fuglelivet. På skjæret i Marsåvika hekker til dømes svartbak, og her er ofte gode ansamlingar av storskav og fiskemåke. Det har vore næringsverksemid i området frå før og konsekvensane av nyetableringa er ikkje venta å verte stor fordi dette vil skje lenger vekk frå skjæret enn der tankanlegget låg tidlegare.	**	*	Liten/ingen
Friluftsliv/folkehelse	Strandsona i Marsåvika, inkludert skjæret, er ikkje typiske friluftslivområde. Næraste aktivitetsområde er klatreveggen i fjellet sør aust for planområdet. Dette området vert ikkje berørt av tiltaket.	*	*	Liten/ingen
Landskap	Landskapet ber preg av store inngrep i eit lite landskapsrom. Strandsona består av fyllingsstein på heile strekninga og området er bebygd.	*	*	Liten/ingen
Ureining	Tidlegare låg eit tankanlegg for mellomlagring av petroleum i dette området. Saneringa av området er gjennomført ved fjerning av ureina masse. Graden av rehabilitering av arealet er gjort med tanke på etterbruk som næringsområde. I høve kloakkanlegg er det mest aktuelt med etablering av slamavskiljar med felles utsleppsleidning.	**	*	Liten til Middels negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert viktige kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området.	*	*	Liten/ingen konsekvens

Transportbehov	Næringsområdet som vert etablert vil vera svært avgrensa i storleik. Det vil ikkje verte mange som pendlar til området. Transportbehovet aukar dermed ganske lite.			Liten/ingen
Trafikktryggleik	Marsåvika er eit trafikalt vanskeleg parti av Rv 60, med fleire trafikkuhell registrert. Den nye aktiviteten som er planlagt på arealet vil generere meir lokal trafikk. Omlegging av Fv 60 vil styrke trafikktryggleik, men fartsbegrensning kan måtte pårekna.	*		Liten/ingen
Fiskeinteresser	Midt i planområdet ligg ein låssettingsplass for brisling, og litt lenger sør enda ein. Nordfjorden er ein veldig viktig fjord med tanke på fiske om omsetning av brisling. Begge dei to låssettingsplassane vert nytta, men relativt sjeldan. Verdien av begge er middels stor, fordi her finns to alternative så tett saman og fordi andre lokalitetar finns ikkje langt vekk. Omfanget av inngrepet er totalt sett middels stort, og konsekvensen middels stor negativ.	**	**	Middels stor negativ

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Marsåvika sitt tidlegare tankanlegg er miljøsanert med tanke på etablering av næringsverksemد/industri. Vi har få område eigna for kai, der både situasjonen på land og i sjø innbyr til dette. Marsåvika er det mest opplagte alternativet, og ein må sikre at kaiområdet også kan ha nytte for andre verksemder enn den som vert etablert i området.

Konklusjon:

Liten/ingen konsekvens av etablering av næringsareal.

ROS (RISIKO OG SÅRBARHEIT) - NYTT NÆRINGSAREAL N127

Natur risiko	Aktuelle moment å vurdere. Ikke uttømmande liste.	Ja	Nei
Skred	Er området utsett for skred ifølgje aktsemdeskarta? Er skredfare vurdert? Kan tiltaket gje auka fare for skred?	X X X	
Vind/ekstremvær	Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær? Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær?	X	X
Flaum	Er tiltaket utsett for flaum? Finst flaumsonekart? Kan tiltaket gje auka fare for flaum?		X X X
Radon	Behov for radonmåling?		X
Klimaendring	Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.	X	
Verksemd risiko			
Eksplosivlager	Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?		X
Transport av farleg gods	Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg? Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?		X X
Brannfareområde	Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing? Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?		X
Ureina grunn. Deponi	Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?	X	
Dambrot	Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?		X
Trafikkfare	Er trafikktryggleik vurdert? Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?	X	X
Sårbare objekt	Vil forslaget gje auka risiko for viktige/sårbare bygg/anlegg?		
Skule/barnehage	Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?		X
Institusjonar og viktige offentlege bygg	Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?		X
Kulturminne	Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?		X
Drikkevatn og avløpsnett	Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?		X
El.- og telenett	Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?		X
Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar	Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?		X
Natur	Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.		X
Beredskap			
Politi/brann/ ambulanse/lege	Utløyer tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?		X
Sivilforsvar/Røde kors	Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?		X
Grensa for utbygging på nordsida av sentrum har gradvis blitt flytta mot Gryta og mot Stryn skisenter og hytteområda Hydla og Bøasetra. Planen definerer yttergrensene for område som bør tilretteleggast til bustadføremål. Grense mot nord er sett med utgangspunkt i skredfarevurdering. Grense mellom sentrum og hytteområda er sett med utgangspunkt i eksisterande nord- vestleg reguleringsgrense i Hogane.

Innanfor planområdet er det i gjeldande kommuneplan avsett om lag 130 dekar til bustadføremål, 40 dekar på Storesunde og 90 dekar ved Stryn sentrum. Om lag halvparten av områda er ferdig regulert.

I dette planframleggget er det avsett omlag 210 dekar nytt bustadareal. I tillegg blir det lagt til rette for fleire bueiningar i sentrum. Med bakgrunn i skredfarevurderinga er det ikkje lagt ut noko nytt bustadområde sør for Stryn sentrum.

4.2.1 STRYN SENTRUM

Eit av suksesskriteria for utvikling av eit attraktivt sentrum er at det er «liv» i sentrum også etter at kontor og forretningar er stengt. Sentrumsnære bustadar vil gje liv til sentrum og bidra til å utvikle handelspotensialet. For å legge til rette for fleire bustadar i sentrum, er store delar definert som sentrumsføremål. I tillegg til forretning, kontor m.m. kan dette også nyttast til bustader.

Det er opna opp for ei høgare utnytting av det som tidlegare var Bøagrenda barnehage. Arealet ligg i sentrum og er godt eigna til bustadføremål og er føreset tilrettelagd med høg utnyttingsgrad.

I tillegg er det opna opp for framtidige bustader både på området som i dag er nytta til campingplass og for det området som blir nytta til brannstasjon, verkstad m.m. Dette føreset at dagens aktivitet blir flytta, men det er ikkje sett noko krav om at dette skal gjennomførast innan ei viss tid.

4.2.2 VEST FOR STRYN SENTRUM

Det er lagt ut eit område på Bergsida til nytt bustadområde på omlag 8 dekar. Området grensar i vest til eksisterande bustadområde i «Skogabakkane» og er i gjeldande plan avsett til LNF- område.

Området er veleigna som byggeområde med omsyn til naturfare, solgang med vidare og kan nytte eksisterande infrastruktur i området.

Eksisterande hytteområde som i gjeldande plan ligg i Lundestranda er endra til bustadføremål, i og med at dette kan bli eit framtidig område for bustadbygging.

4.2.3 NORD FOR STRYN SENTRUM

Det er sett av areal til nytt bustadområde på Tonningskamben, eit område som blir vurdert som eit attraktivt bustadområde. Arealet er på omlag 110 dekar, ligg solvendt og fritt i eit område trygt for flaum og ras. Avstand til sentrum er akseptabel, og tilkomst kan skje frå Setrevegen. Det er lagt opp til at området kan nyttast til einebustader.

Det er i tillegg sett av to område nord for Setrevegen, eit område nord for Hogane og eit område nord for Stegane, totalt på om lag 63 dekar. Her vert det lagt opp til høg utnyttingsgrad. Tilhøve til kommunal veg Setrevegen er vurdert i samband med utlegging av nye bustadområde nord for Stryn sentrum. Det blei konkludert med det ikkje er naudsynt med ny tilkomstveg, men at tiltak for å auke kapasiteten vil vere aktuelt på deler av strekninga.

4.2.4 AUST FOR STRYN SENTRUM

Eit område rett aust for Stryn sentrum er avsett til bustadføremål i gjeldande plan. Delar av området (Bøahagen) er regulert og under utbygging. I området er det registrert automatisk freda kulturminne, og det er føreteke utgraving i delar av området.

Planframlegget inneholder ei utviding av areal til bustadføremål mot aust, på nesten 28 dekar. Arealet er i dag LNF-område og er i aktivt bruk til landbruk, men utanom kjerneområde landbruk. Området er sentrumsnært med enkel tilkomst og må leggast til rette for konsentrert utbygging.

Eit anna areal i Bø som også er lagt ut til bustadføremål er eit landbruksareal i aktiv drift, men utanom kjerneområde for landbruk. Området ligg omkransa av areal som tidlegare er teke i bruk til bustadføremål, det er sentrumsnært og godt eigna til bustadføremål.

I Skjolden er det eit lite område som er lagt ut til bustadføremål. Området er i gjeldande plan avsett til LNF- område og er fulldyrka mark som grensar inn til to bustadområde i Skjolden, men også utanom kjerneområde for landbruk. Området er avgrensa i høve flaumsonekartet for Stryneelva, der ein også har teke omsyn til klimaendringane (+20 %).

4.3. SENTRUMSUTFORMING

Arealet i Stryn sentrum er avgrensa, og planprogrammet peikar på behov for å drøfte høgare grad av utnytting, både i tettleik og byggehøgde. Vidare å vurdere eksisterande grøne område og behov for nye. Andre tema er vidareføring av avgrensing av detaljhandel, utnytting av området Per Bolstad Plass – Petterneset, og vurdere behov for utviding av areal til offentleg tenesteyting.

Worksonland Arkitektur & Landskap si kartlegging og analyse ligg i botn for dei vurderingane som er gjort og dei endringane som inngår i planframlegget.

Hovudstrategien for å utvikle Stryn sentrum til ein attraktiv stad, er å gjere det meir kompakt og gje det ein samanhengande urban struktur. Deler av Stryn sentrum, spesielt Tonningsgata og Tinggata har eit urbant preg. Andre delar av sentrum har eit meir ustrukturert og utflytande preg, med store asfaltflater utan bygningar som kunne definere ei form for «byrom». Dette gjeld først og fremst delar av området sør for miljøgata mellom Bruvollflata og Petterneset.

Små stadar som Stryn vil maksimalt kunne vitalisere eit område innanfor ein sirkel med diameter på 300 meter. Dette underbyggjer behovet for fortetting med samling av aktivitetar og tilbod. Flytting og spreiing av aktivitet vil påverke tilsvarende negativt. Det er difor lagt til rette for høgare utnyttingsgrad og fleire bustader i sentrum. Samstundes er området for detaljhandel teke inn i planen og markert på eige kart, i hovudsak avgrensa av Setrevegen, Bøavegen og Stryneelva. Tinggata er føreslege omgjort til gågate med høve til parkering i samband med arrangement.

Planframlegget inneholder arealbruksendring på Petterneset med utvida grøntområde for å sikre betre tilgang til elva. Det inneber reduksjon av areal til offentleg føremål, i dag nytt til garasjebrygg. I tillegg er nokre område, som tidlegare var utbyggingsområde og trafikkareal, no avsett til grønstruktur. Dette for å sikre eksisterande grøne område i sentrum, og ha betre tilgang til elva og sentrum sør. Vidare er det føreslege avsett nye område til grønstruktur mellom Nybøvegen – Tonningsgata og langs austsida av Tinggata. Utvida område til grønstruktur er i samsvar med føringar frå planprogrammet og tilråding frå «Sentrumssprosjektet».

Eksisterande turveg mellom gamlebrua og Petterneset blir føreslått forlenga langs elva mot aust, og gjennom Perhustunet mot vest til Rv 15. Ny turveg er føreslått bak Stryn omsorgsenter/Stryn Camping frå Tonningshaugen til Bøavegen.

4.4. OFFENTLEGE AREALBEHOV

4.4.1 TONNING SKULE

Tonning skule har avgrensa med areal. Det er endra føremål på eit lite areal frå idrettsføremål (Strynehallen) og til føremål for offentleg eller privat tenesteyting.

4.4.2 BLÅLYSBYGG

Endra bruk av arealet og bygningsmassen ved Petterneset gjer at ein må vurdere alternativ lokalisering av brannstasjonen. I den samanheng er det sett i gang sonderingar for å vurdere om det er grunnlag for å samlokalisere naudetatane i eit felles nytt bygg. I planen er det lagt til rette for at eit slikt bygg kan etablerast nord for Stryn vidaregåande skule.

4.4.3 STRYN UNGDOMSSKULE

Folketalsframskrivinga syner ei auke i folketalet, og ei intern sentralisering i kommunen vil føre til ytterlegare auke i tal busette i Tonning krins. Med bakgrunn i dette er det lagt til rette for ei utviding av Stryn ungdomsskule. Dette kan nyttast både til utbygging og nærområde til skulen. Dersom Tonning barneskule og Stryn ungdomsskule bytter plassering vil det bli eit større behov for grøntareal i tilknyting til barneskulen.

4.5. SAMFERDSLE

Det er teke omsyn til framtidig ny E39 som er planlagd frå Svarstad til planavgrensing mot Markane, ved at ein ikkje har lagt ut nye utbyggingsområde i dette området.

Planframlegget omfattar ny gang- og sykkelveg frå Bergsida til Faleide, frå Riise bru til Storesunde og frå Visnes til Staveneset. Linene er retningsjewande, noko som betyr at endeleg plassering blir løyst på reguleringsplannivå.

Planen legg opp til å fjerne den gjennomgåande omkjøringsvegen, jf. kap. 4.10.1, men vil opne opp for den fjerde armen i rundkjøringa og etablere tilkomst til sentrum sør.

4.5.1 E39

Ny E39 gjennom Nordfjord skal byggast etter indre trasé frå Byrkjelo til Grodås. Planprogram for kommunedelplan E39 Byrkjelo – Grodås er fastset i Stryn kommune, og kommunedelplanen skal vere ferdig godkjend i 2018/2019. Den vil gå gjennom planområdet frå der ny bru kjem i land på Svarstad til planavgrensing mot Markane. Store deler av traséen gjennom planområdet vil gå i tunell, men vil ha direkte konsekvensar for arealdisponering i området Svarstad og omegn. Val av kryssløysing og avkjøring til Stryn vil vere viktig for utvikling av Stryn og Stryn sentrum.

4.5.2 GANG- OG SYKKELVEGAR

Gang- og sykkelveg Bergsida-Faleide er omfatta av planframlegget. Det er lagt inn ein ny trasé for gang- og sykkelveg frå eksisterande kryss kommunal veg/Rv 15 på Lindset og vestover på nordsida av Rv 15 mot kryss til Faleide. Denne vil også bli omfatta av kommunedelplanen for E39 Byrkjelo-Grodås, slik at endeleg løysing avheng av kor brua kjem, om det blir gang- og sykkelveg på brua og korleis kryssløysinga vil bli utforma.

Gang- og sykkelveg Stryn sentrum-Riise bru vart bygd i 2012. Planframlegget inneheld trasé for gang- og sykkelveg frå Riise bru til Storesunde. Frå Riise bru er vegen lagt på nordsida av Rv 15. Like vest for Kyrkjeeidsbakken kryssar gang- og sykkelvegen riksvegen. Vidare austover til Storesunde er den lagt på sørsida av riksvegen opp til Gjørven, vidare til Storesunde er den lagt på nordsida for å unngå konflikt med fylling i Oppstrynsvatnet (Nerfloen).

Det er også lagt inn trasé for ny gang- og sykkelveg frå Visnes til Staveneset. Traséen er lagt på nordsida av Fv 60, delvis på kommunal veg. Frå småbåthamna vil den gå på fylling i sjø.

4.6. AREAL TIL FRILUFTSLIV

Eit viktig element for utvikling av Stryn sentrum er tilgang på friluftsliv i nærmiljøet. Vi har to statleg sikra friluftslivsområde i Stryn tettstad: Tonningøyra og Tonningleirane-Ullsheim sti- og løpenett. I kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim vart det slege fast at det er viktig å ta vare på friluftslivskvalitetane kring Hogden. Dette er følgd opp ved at ein ikkje legg til rette for nokon form for utbygging i fjellområda mellom Hogden og Langeset/Bergsida.

Friluftsområdet på Visnes er eit anna viktig friluftsområde for Stryn sentrum. Dette arealet er vidareført frå tidlegare kommuneplan, og har føremål grønstruktur med omsyn friluftsliv.

Planframlegget inneheld flytting av den del av «Strynemila»-traseen som i dag går over dyrka jord på Sætre, slik at denne går i randsona til utmark.

Ny gang- og sykkelveg til Staveneset er lagt inn i kommunedelplanen. Denne vegen er avgjerande for at bade- og aktivetsområdet på Staveneset skal kunne tilretteleggast for friluftsliv.

4.7. MASSETAK

Det etablerte massetaket KB 101 på 44,4 daa har ei attverande produksjonstid på 6 – 10 år, avhengig av marknaden. For å sikre råstofftilgang til produksjon av pukk og andre byggeråstoff, er det sett av nytt areal KB 102 som grensar til noverande massetak mot nord og vest på 4,3 daa. I tillegg er det sett av to område aust for Stryn miljø- og næringspark, KB103 og KB104, på til saman 65 daa. Det er her lagt opp til at ein skal nytte overskotsmassen til produksjon av pukk og andre byggeråstoff.

Området KB 102 er føresett på same nivå som KB 101 (kote 170), medan KB 103 og KB104 er føresett å ikkje vere lågare enn kote 210 for å unngå å skjere av tilkomst og framtidig utnytting av tilgrensande areal mot aust. Dei tre områda skal nyttast til næringsareal etter at det er avslutta som massetak.

Massetaket på Øvreeide (R103) ligg i gjeldande plan. I planen ligg det inn ei utviding (R104) på 6,2 daa i austleg retning.

4.8. SMÅBÅTHAMN

Eksisterande småbåthamn på Visnes ligg utsett til med tanke på ver og vind. Dette er eit mellombels tiltak. Kommunen har registrert at det er ønske om å flytte småbåthamna til Grønevik som er vurdert å vere betre eigna med omsyn til ver og vind. I gjeldande plan ligg det allereie ei småbåthamn i dette området. Planen syner begge småbåthammene.

4.9. PISTOLBANE

Det er lagt inn ein mellombels plassering av ny pistolbane i KB104 på Langeset. På sikt skal dette området nyttast til næringsområde.

4.10. VURDERTE ENDRINGAR SOM IKKJE ER OMFATTA AV PLANEN

4.10.1 NYTT HOVUDANLEGG FOR SKYTING

Kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim, vedteken i 2013, inneheldt ei uløyst utfordring til vidare revisjon av arealdelen. Dette var å finne alternativ lokalisering av hovudanlegg for skyting på Bøanedsetra. Dette er også omtalt i den kommunale planstrategien.

Gjennom samarbeid med lokale skytarlag, jeger- og fiskeforening og pistolklubb, samt Det Frivillige Skyttervesen (DFS), har det vore vurdert alternativ plassering av eit framtidig hovudanlegg for skyting innanfor planområdet. DFS har berekna støy på mange lokalitetar i planområdet.

Støyberekingar viser at vi ville fått uakseptable støynivå i området på Langesethøgda, fordi skyteretninga vil verte mot nordvest. I tillegg er det vurdert plassering av skytebane både i området Kobbetjern, Skogstjerna, sørrenden av Langesetvatnet og ved Svingesetvatnet.

Ein lokalitet (Svingesetvatnet) utanfor planområdet er vurdert som eigna. Denne arealbruksendringa vert difor tilrådd handsama i ny revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

4.10.2 KOMPOSTERINGSANLEGG

Det er motteke innspel på lokalisering av eit ope rankekomposteringsanlegg for kloakkslam aust for Stryn Miljø- og næringspark. Dette som erstatning til eksisterande anlegg på Reset i Eid kommune.

Gjennom planprosessen har det vore vurdert ulike alternativ til lokalisering innanfor planområdet. Alternative lokalitetar har vore utprøvd, og det har vore gjennomført luktkonsekvensutgreiing som konkluderer med uakseptable nivå på luktproblem i kringliggende bustadområde. Aktuelle lokalitetar er difor ikkje tilrådd til opne komposteringsanlegg.

4.10.3 NÆRINGSOMRÅDE N102

Planframlegget frå administrasjonen la opp til eit nytt næringsområde, N102, nord for Langesethøgda, jf. kap.3.6. 2. Arealet er eit flatt myr/skogområde som ligg sentralt i høve Rv 15, og kunne ha hatt store kvalitetar som supplement til Stryn Miljø- og Næringspark.

På grunn av motsegn frå Fylkesmannen på grunn av at det er traner i området, blei dette næringsområdet teken ut av planen.

4.10.4 NEDSTRYN KYRKJEGARD

Med bakgrunn i arealbehovet for fleire gravar la planframlegget frå administrasjonen opp til utviding av Nedstryn kyrkjegard mot vest. Dette hadde samanheng med behovet for Utvidingsalternativet var vurdert opp mot utviding mot nord. Av dei to aktuelle var utviding vestover valt fordi ein her kjem lengre unna riksvegen og trafikkstøy. Dette alternativet gjev og den beste arronderinga.

I samband med kommunestyret sitt vedtak av planen blei utviding av Nedstryn kyrkjegard teken ut.

4.10.5 UTVIDING AV TØMMERKAIA PÅ FALEIDE

Det er innspel på å avsetje areal til utviding av tømmerkaia på Faleide, vest for eksisterande kai.

Tilkomsten til eksisterande kai skjer via Fv 721, delvis gjennom bustadområde og vidare over privat grunn. Det har vore fleire klager frå innbyggjarane i området på tømmertransporten og aktiviteten på kaia. I tillegg er det uklare tilhøve knytt til eksisterande tilkomst over privat grunn.

Med bakgrunn i ei samla vurdering vil det ikkje vere aktuelt å tilrå utviding av eksisterande kai.

4.10.4 BUSTADOMRÅDE I LUNDESTRANDA

Området er veleigna som bustadområde med omsyn til naturfare, byggegrunn og solgang. Litt dårligare i høve vasstilknytning og vegtilkomst. Noko konflikt i høve biologisk mangfald, lite i høve friluftsliv dersom ein legg inn eit godt belte i strandsona med omsynssone for friluftsliv. Området gjev plass for mange bustader, men det vert tilrådd at ein tek i bruk dette området på eit seinare tidspunkt.

4.10.7 BUSTADOMRÅDE OG HYTTEOMRÅDE PÅ LIDA

Store deler av området ligg innafor faresone for skred. Nokre av områda kan realiserast med omfattande og kostnadskrevjande tiltak (skredvoll), men desse er ikkje omfatta av planen då kommunen har føringar frå NVE på å ikkje leggje nye utbyggingsområde der det er skredfare.

Det aktuelle arealet ligg i ei sone mellom bustadfelt i Stryn sentrum og hyttefelt på fjellet og vil, dersom dette realiserast, viske ut grensa mellom bustad og hytte. Fast busetjing så høgt opp har mange samfunnsmessige negative konsekvensar, mellom anna i høve krav til kommunale tenester. I tillegg vil byggefelt i Lida langt på veg kunne stoppe ein viktig viltkorridor mellom Strynedalen og Markane. Med bakgrunn i dette er planane for Lida ikkje teke med i planen.

4.10.8 FRITIDSBUSTADER

Det er kome fleire innspel på nye hyttefelt i planområdet, dette gjeld særleg området rundt Langeset og Faleide. Hovudgrunnen til at dette ikkje er imøtekome er at det skulle leggast til rette for nye næringsområde, jf. Planprogrammet. Dei eksisterande næringsområda i SMNP og nye næringsområde på Langeset treng buffersoner til fritidsbustader (og bustader) på grunn av mogleg støy, støv og lukt.

Innspela er også vurdert i høve behovet for nye fritidsbustader. Kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim la opp til at det kunne byggast totalt 1200 fritidsbustader i dette området, der talet på eksisterande hytter er i dag om lag 400. I samband med denne planen var det også fokus på at friluftslivsområdet kring store utbyggingsområde på Bøasetra-Ullsheim er viktige å ta vare på.

4.11. FØREMÅL SOM ER TEKE UT AV PLANEN

4.11.1 AVLASTNINGSVEG

I 1991 vart Stryn og fire andre tettstader i landet valde ut til å vera med i prosjektet Miljøprioritert gjennomkjøring (MPG). Målet var å omskape sentrumsområdet til å verte penare, trivelegare og tryggare stader å opphalde seg. Rv 15 gjennom Stryn sentrum (Tonningsgata) har difor ein smal vegbane, langsgåande parkering og ei liberal haldning til kryss og avkøyrslar.

Stryn kommune vedtok å etablere ein omkjøringsveg for Rv 15 gjennom sentrum (som alternativ til Tonningsgata) ved å opne ein fjerde arm i rundkjøringa. Dette tiltaket ligg inne i gjeldande kommunedelplan, men er ikkje utført og har stadig vore under diskusjon.

Statens vegvesen gjennomførde i 2013 ein trafikksikkerheitsinspeksjon (TS-inspeksjon) som rapporterer om få ulykker og negative hendingar i miljøgata.

Utviklinga av årsdøgntrafikk (ÅDT) gjennom Stryn sentrum viser eit snittal på om lag 4300 med ein klar topp i sommarhalvåret. Sjølv om trafikkbelastninga på Rv 15 gjennom Stryn sentrum er svakt aukande, vurderer Statens vegvesen kapasiteten på miljøgata å vere tilstrekkeleg også i framtida, og ser ikkje behovet for ein omkjøringsveg.

Med bakgrunn i dette er trasé for avlastningsveg/omkjøringsveg teken ut av planen. Dette er i tråd med politiske signal og tilbakemeldingane kommunen fekk frå årmenta i samband med folkemøte, der dei såg verdien av å opne opp Stryn sentrum mot elva. Planframleggget inneheld heller ikkje konkrete endringar i miljøgata.

4.11.2 ANDRE UBYGGINGSMRÅDE

Følgjande utbyggingsområde er teke ut i høve gjeldande plan, med ei kort grunngjeving i parantes:

- Hoppbakken på Sætren (Er ikkje i bruk og stettar ikkje lenger krav til gjeldande standard)
- LNF med spreidde bustader Øvreberg (Ikkje rasjonell plassering)
- LNF med spreidd fritidsbusetnad på Lunde (Skredvifte)
- Friområde/Naust utanfor moloen ved Vikaleirane (Unngå meir utfylling)
- Låssettingsplass ved Faleide (Avtalt med Fiskeridirektoratet)
- Fritids- og turistføremål på Skjolden – utleigehytter (Ikkje realisert, nyttast til anna i framtida)
- Delar av bustadområdet på Storesunde (Bakgrunn i detaljregulering og brattheit)
- LNF med spreidd fritidsbusetnad på Strand (Skredfare, i samråd med grunneigar)

4.12. MINDRE ENDRINGAR

4.12.1 ENDRINGAR SOM FØLGJE AV NY PLAN- OG BYGNINGSLOV

Gjeldande kommunedelplan stettar ikkje dagens krav til planutforming. Dette gjeld både kommunedelplanen for Stryn sentrum, Faleide-Langeset og kystsoneplanen. Alle liner og flater er rekonstruert i samsvar med ny plan- og bygningslov og kart- og planforskrifta.

Dette har ført mellom anna til nye føremål og innarbeiding av omsynssoner:

- Nokre arealføremål har endra fargekoding
- Nokre område har endra føremål tilpassa nytt lovverk
- Eksisterande føremål blir teikna med svak farge, medan planlagde blir teikna med sterkt farge (motsett i høve gjeldande planar)
- Innføring av omsynssoner: Sikringssoner, faresoner, sone med særlege omsyn (til dømes landbruk, friluftsliv, bevaring naturmiljø og bevaring kulturmiljø) samt sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde
- Forskrifta gjev føringar for korleis områda bør tekast, flatane skal ha bokstavkoding for føremål + løpenummer

4.12.2 PLANOPPDATERINGER

Plangrunnlaget er oppdatert slik at det samsvarar med faktisk arealbruk som er vedteke gjennom reguleringsplanar, dispensasjoner og andre vedtak sidan førre arealdel vart utarbeidd.

Dei viktigaste endringane er følgjande:

- Reguleringsplanar/reguleringsendringar som er vedtekne etter 2006 er teke omsyn til i planframlegget.
- Ein har korrigert planframlegget i høve dispensasjoner som er gjevne frå kommuneplanen der ein har lagt til grunn i vedtaket at kommuneplanen skal justerast i høve dispensasjonen (dette gjeld mellom anna massedeponi sør for Vegtun og utviding av motorcrossbana)

4.12.3 ANDRE JUSTERINGAR

Gjeldande plan blei utarbeida i mindre målestokk, noko som krev mindre justering og korrigeringar av arealføremåla:

- Planlinene er justerte i høve eksisterande situasjon, der det er heilt tydeleg at det er hensikta at ein i gjeldande plan skal følgje dette
- Der eigedomsgrenser har hatt betydning for plassering av planliner, er desse justert

I tillegg er vasskonturen kartlagt i betre målestokk sidan førre revisjon. Planlinene er oppdatert i samsvar med denne. Dette gjeld både for sjø og vassdrag.

4.12.4 KOMMUNALE VEDTEKTER

I tråd med plan- og bygningslova skal tidlegare kommunale vedtekter leggjast inn som føresegner der dette er aktuelt. For Stryn kommune gjeld dette følgjande:

- Skilt- og reklamevedtekter, vedtekne av kommunestyret 25.04.1995
- Parkeringsvedtekter, vedtekne av kommunestyret 10.12.1996

4.13. KONSEKVENSAR AV PLANFRAMLEGGET

Nesten alle planendringar som er tilrådd vil i liten eller i begrensa grad berøre nasjonale og regionale interesser innan temaområde som jordvern, naturmangfold, friluftsliv/folkehelse, kulturminne og viltinteresser, slik det går fram av konsekvensutgreiinga. Planen vil i liten grad berøre kjerneområde landbruk, trass i at fleire bustadfelt vert plassert på landbruksjord. Ein har plassert utbyggingsområde for næring utanom nasjonalt og regionalt viktige naturtyper, med eitt unntak; Utfylling i Vikabukta. Her vert ein nasjonalt viktig naturtype fjerna i sin heilskap og kommunen/regionen har ingen dokumenterte alternativ til denne lokaliteten. Regionalt viktig friluftsområde (Den Trondheimske Postveg) vert berørt, men teke omsyn til i planen. Lokalt viktig friluftsområde på Tonningkamben vert i noko større grad berørt av bustadutbygginga der.

Dei positive konsekvensane av planframlegget er knytt til bustadareal, næringsareal, sentrumsutvikling og kommunikasjon.

Trafikken mellom anna i Stryn sentrum vil auke i framtida, men ikkje meir enn at Miljøgata kan ta unna trafikken med litt tilpassing av gata. Saman med framtidig utbygging av bustadareal på Rake vil planlagde bustadfelt kring Stryn sentrum gje nok bustadomter i fleire år framover. Det er også lagt til rette for fleire bustader i sentrum.

Dei mest negative konsekvensane av planframlegget kjem i Vikabukta med utfylling av det grunne sjøarealet for å få meir næringsareal. Vikaleirane har gjennomgått ein bit-for-bit utbygging dei siste 40 åra. Ved siste revisjon av kommuneplanen i 2006 vart det fatta vedtak om «endeleg grense for utfylling» i Vikabukta etter tett dialog mellom statleg og kommunale mynde, og kommuneplanen sin arealdel hadde som ei av sine hovudmålsettingar å flytte mest mogleg av næringsverksemndene til Stryn Miljø- og Næringspark for å unngå nye utfyllingar i fjorden.

Dei samla konsekvensane for planen (alle konsekvensvurderte planendringar) kan samanstillast i følgjande tabell:

TEMA	SAMLA KONSEKVENSAR
Naturmangfold	Utan utvida næringsareal i Vikabukta er dei kjente konsekvensane i høve naturmangfold små til middels store negative . Med utfylling i Vikabukta vil med kjent kunnskap konsekvensane auke til store negative .
Viltinteresser	Små negative konsekvensar. Også for viltinteressene vil utfylling av Vikabukta trekke opp konsekvensane til middels store negative .
Friluftsliv og folkehelse	Små til middels store negative konsekvensar, mest i høve Tonningkamben. Ved utfylling i Vikabukta aukar konsekvensane til middels til store konsekvensar .
Landskap	Dei totale konsekvensane for landskap vert små negative, aukande til middels store negative ved full utfylling i Vikaleirane.
Ureining og klimapåverknad	Små negative konsekvensar.
Jordvern	Dei fleste tiltak vert plassert utanfor dyrka mark Konsekvensane vert små til middels store , mest på grunn av gang- og sykkelvegar.
Kulturminne og kulturmiljø	Små negative konsekvensar . Ved full utfylling i Vikabukta vert konsekvensane små til middels

	store.
Transportbehov	Små positive konsekvensar.
Trafikktryggleik	Planframlegget vil totalt sett medføre middels store positive konsekvensar for trafikktryggleik.
Støy	Planframlegget inneholder ikke tiltak som i nemnande grad vil medføre meir støy. Små negative konsekvensar.
Støv	Små negative konsekvensar.
Lukt	Små negative.
Fiskeinteresser	Samla sett får vi små negative konsekvensar.
Verna vassdrag	Samla sett får vi små negative konsekvensar utan utfylling i Vikabukta og middels store negative med utfylling.

4.14. VURDERINGAR I HØVE NATURMANGFALDLOVA

Planframlegget er vurdert i høve Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) for naturmangfald er vurdert som jamt over godt etter at ny kartlegging vart fullført våren 2016.

Føre-var-prinsippet i § 9 trer inn der kunnskapsgrunnlaget er därleg. Vi har ikkje grunnlag for å forvente negative verknader på naturmangfaldet av dei planendringar som er tilrådd i dei område der kunnskapsgrunnlaget er därleg.

§ 10 i Naturmangfaldlova seier at planlagde inngrep skal vurderast i høve den samla belastninga på økosystemet. Den samla belastninga på Strynedeltaet er allereie svært stor og vil verte større med den planlagte utfyllinga i Vikabukta. Mellom anna kan Kjeldeflata lenger aust i deltaet miste meir av sin verdi ved bortfall av beiteområde for fugl. Alternativet, brakkvassdeltaet i Loen, har berre ein liten rest. Oldendeltaet har no veldig små restverdiar, jamfør kommuneplanrevisjonen for Olden i 2015. Ingen andre naturtyper enn brakkvassdelta får ein samla belastning som vil innskrenke naturtypen sin utbredelse i kommunen.

§ 11 i Naturmangfaldlova seier at «kostnadane med miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver». Dette prinsippet kunne i teorien nyttast om Vikabukta, men utfordringa er at det ikkje finnast noko erstatningsareal ettersom dei økologiske tilhøva ikkje er andre stadar innanfor planområdet.

§ 12 i Naturmangfaldlova *om miljøforsvarlege teknikkar* får anvending i SMNP. For alle nye, oppvarma næringsbygg er det krav om at det skal leggjast til rette for vassboren varmeforsyning.



STRYN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR LANGESET-STRYN-STORESUNDE

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

Føresegnerne er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, og er heimla i lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71 (Plan- og bygningslova – PBL).

Føresegnerne er sett i ramme, der heimelen står i parantes bak overskrifta. Føresegnerne inneholder både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet.

Resten av teksten er retningsliner, og er av forklarande og rettleiande karakter, og skal leggjast til grunn ved vidare planlegging og sakshandsaming.

Arealføremål i kommunedelplanen:

- Bygningar og anlegg (PBL § 11-7 nr.1)
 - Bustader
 - Fritidsbustader
 - Sentrumsføremål
 - Forretningar
 - Offentleg eller privat tenesteyting
 - Fritids- og turistføremål
 - Råstoffutvinning
 - Næringsbygningar
 - Idrettsanlegg
 - Andre typar bygningar og anlegg
 - Grav- og urnelund
 - Kombinerte byggje- og anleggsføremål
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 11-7 nr.2)
 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
 - Veg
 - Lufthamn
 - Hamn
 - Kollektivnett
 - Parkering
- Grøntstruktur (PBL § 11-7 nr.3)
 - Grøntstruktur
 - Naturområde
 - Friområde
 - Park
- Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL § 11-7 nr.5)
 - LNF areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 11-7 nr. 6)
 - Bruk og vern av sjø og vassdrag
 - Ferdsel
 - Småbåthamn
 - Fiske
 - Naturområde
 - Friluftsområde
 - Kombinerte føremål i sjø og vassdrag

Omsynssoner i kommunedelplanen:

- Sikringssone(PBL § 11-8 a):
 - Nedslagsfelt drikkevatn
 - Område for grunnvassforsyning
- Støysone (PBL § 11-8 a):
 - Rød sone
 - Gul sone
 - Andre støysoner
- Faresoner (PBL § 11-8 a):
 - Ras- og skredfare
 - Flaumfare
 - Høgspenningsanlegg
 - Anna fare (ureina grunn)
- Sone med særlege omsyn (PBL § 11-8 c):
 - Omsyn landbruk
 - Omsyn friluftsliv
 - Omsyn landskap
 - Bevaring naturmiljø
 - Bevaring kulturmiljø
- Bandleggingssone (PBL § 11-8 d):
 - Bandlegging etter lov om kulturminner
- Gjennomføringssone (PBL § 11-8 e):
 - Stryn sentrum – gjennomføring av sentrumsprosjektet

Gjeldande reguleringsplanar:

Arealbruken er i kommunedelplanen synt på generalisert nivå. Dette vil til dømes bety at mindre område regulert til grønstruktur innanfor eit bustadområde ikkje blir vist i kommunedelplanen.

Tidlegare godkjende reguleringsplanar skal framleis gjelde så langt dei ikkje er i strid med kommunedelplanen. Gjeldande reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen er følgjande (frå vest mot aust):

Plannamn	Vedteken + endring
2012006 Demmehaug, Markane	26.06.2014
1990002 Isbakken, Markane	05.06.1990
1985001 Blekesvingen hyttefelt	07.03.1985
2010006 Reguleringsendring SMNP nordre del	25.02.2013
2008010 SMNP, Stryn miljø- og næringspark, reguleringsendring sørnre del	12.11.2008
2011001 Reguleringsendring innanfor SMNP sørnre del	20.09.2011
2005005 Svarstadvika I	30.05.2005
2011004 Svarstadvika II endring	28.03.2012
2008003 Lunde/Kroken	16.09.2008
2011013 Varberget, del av gnr 50/4	21.05.2014
2000006 Bebyggelsesplan for Skogabakkane bustadområde	29.02.2000
2014004 Detaljregulering bustadfelt Hol	25.06.2015
2011007 Hol, gnr/bnr 46/30, detaljregulering	19.09.2012
2007006 Vik/Arnfinnbakken	17.09.2007
2001002 Vikaleirane	14.05.2001
2013004 Områderegulering for Tonningleirane-Ullsheim sti- og løypenet	25.09.2013
2005001 Tonningleirane	14.02.2005 + 2012009 Endring – Setrevegen 2, 25.09.2013 + 2012003 Endring - utviding av I-L2, Stryvo, 19.09.2012 + 2009011 Endring – gnr 57/291, 10.11.2009 + 2012007 Endring – Arena Stryn, 27.02.2014 + 2014006 Endring i vegsystem, 24.09.2015
2009007 Massetak i Lida	10.11.2009
1997002 Hogane	11.11.1997
1986003 Stegane, reguleringsendring	13.06.1986
2006001 Stegane III	19.12.2006
1995007 Stegane, omregulering	05.09.1995
1979002 Stegane	12.11.1979
1982002 Tonningbakkane	21.09.1982
1997003 Stryn vandrarheim med omland	09.12.1997
2002001 Tonningkamben	30.04.2002 + 2012005 Detaljregulering Tonningkamben, 19.12.2013 (erstattar nær sagt heile 2002001)
2008002 Vikavegen 7	19.02.2008
2007005 Vikavegen 5	15.05.2007

1999005 Bøabakkane-Bøavegen	09.11.1999 + 2009024 Bøabakkane, endring, 07.07.2009
2011011 Detaljregulering Bøahagen	25.02.2013
1997001 Stryn omsorg senter m.m	29.04.1997
2011008 Detaljregulering Stryn omsorgsenter og Tonning barnehage	19.09.2012
2004002 Stryn Camping	10.02.2004
2001005 Stryn sentrum vest	14.05.2001
2004008 Bringsbyggkvartalet, endring	23.03.2004
2007013 Heimskringlakvartalet	13.03.2007
2006002 Nybøvegen m.v	06.06.2006
1994004 Kryss rv 15/60 i Stryn sentrum	30.08.1994 (rundkøyringa)
2006004 Stryn sentrum sør	19.10.2006 + 2009010 Endring, del av gbnr 59/8, 18.05.2009 + 2016001 Endring – delar av gbnr 59/17, 07.02.2017
1999002 Stryn sentrum sørvest	07.07.1999
1999001 Parsell rv 15 Rise bru-Stryn sentrum	07.09.1999 + Mindre endring 10.07.15
2010017 Riseteigen	26.03.2015
2008004 Rise Næringsareal	12.11.2008
2000004 Busslommar Ytreeide	30.10.2000 + 2011003 Busslommer Ytreeide,detaljregulering, 27.06.2013 (erstattar mykje av 2000004)
2004001 Nedstryn kyrkjegard	10.02.2004
1995003 Vektstasjon Gjørven	05.07.1995
1998007 Kleiveneset (Ljåstad)	10.11.1998
2010009 Tenden hyttegrend	03.05.2011
2006011 Storesunde	25.06.2015
2002004 Bebyggelsesplan Lundefossen hyttegrend	22.01.2002
1998004 Bruagrenda	01.07.1998
2006008 Visnesleirane, reguleringsendring	14.02.2006
2011012 Mindre endring innanfor reguleringsplan for Visnesleirane, grensejustering mellom 45/55 og 45/47	24.10.2011
2008008 Visnesleirane reguleringsendring (kaia)	12.11.2008
1977002 Visnes	25.04.1977
2005013 Reguleringsendring innanfor plan for Visnes – mellom Klypestegen og Seljevegen	14.10.2005
1989005 Endring innanfor plan for Visnes – endring av vegbreidde /linjeføring på kommunal veg	09.10.1989
1987003 Visneslia (endring innanfor Visnes)	21.12.1987
2009019 Reguleringsendring ytre Visnes	02.03.2010
2016002 Næringsområde Vetlevika	28.03.2017

Reguleringsplan for snuplass/infotavle Rise bru, ID 1995005, blir oppheva i samband med vedtaket av kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde.

GENERELLE FØRESEGNER

1 Plankrav (PBL § 11-9 nr. 1 og 8)

Krav om reguleringsplan står i hovedsak under arealbruksføremåla.

Det er krav om ny detaljreguleringsplan for Stryn sentrum sør. Planen skal være avgrensa av rundkøyringa i vest, omfatte område S102, følgje Tonninggata mot aust til og med område S112 og vere avgrensa av Stryneelva i sør.

Til fyrste gongs handsaming av alle reguleringsplanar er det krav om VA-rammeplan. Planen skal syne prinsippløysing for vann og avløp i området samt samanheng med eksisterande system. Overvasshandtering og alternative flaumvegar skal synast i rammeplanen.

2 Krav til infrastruktur (PBL § 11-9 nr. 3)

Det kan krevjast tilknytingsplikt til offentleg vatn og avlaup for bustader og fritidsbustader.

3 Byggjegrense mot sjø og vassdrag (PBL § 11-9 nr.5 og 11-11 nr. 4 og 5)

Byggjegrense mot sjø er i samsvar med PBL §1-8 om ikkje anna er fastsett i reguleringsplan, eller er omfatta av unntaksreglane i LNF-områda. Forbodet skal ikkje vere til hinder for eksisterande byggeområde og bygningar. For eksisterande regulerte eller avsette byggeområde går byggjegrensa i gjeldande føremålsgrenser. Utviding av eksisterande bygningar i etablerte byggeområde som ligg i strandsona/vassdragsbeltet skal skje i retning vekk frå sjøen/vassdraget.

Bygging er ikkje tillate i ei buffersone på 20 meter til kvar side av alle elver/bekkar.

Under marin grense skal eventuell fare for kvikkleireskred vurderast. I områder der leire blir påvist vert det stilt krav om sakkyndig geoteknisk undersøking før eventuell utbygging kan skje.

4 Parkering (PBL § 11-9 nr. 5)

I Stryn sentrum gjeld følgjande krav til parkeringsplassar:

Bustadbygg:	2 bilar pr bueing
Fritidsbustader:	1 bil pr bueing
Hybelbygg:	1 bil pr bueing
Forretningsbygg, kontor	1 bil pr 50 m ² brutto golvflate I tillegg kjem naudsynt lasteareal for laste- og varebilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn.
Industri, verkstad- og lagerbygg	1 bil pr 100 m ² brutto golvflate
Bilverkstad og servicestasjon	3 bilar pr 100 m ² brutto golvflate I tillegg kjem naudsynt lasteareal for laste- og varebilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn.
Hotell:	% bilar pr rom Ungdomsherberge og liknande bygg med mindre krav til parkering, skal ha parkeringsplassar for bilar etter for tekniske saker sitt skjønn
Restaurantar/kafear:	1 bil pr 8 sitjeplassar
Skular:	1 bil pr tilsett

Vidaregåande skular/høgskular:	1 bil pr 5 elevar Sektorutvalet for tekniske saker kan i særlege tilfelle fastsetje høgre tal elevar pr. bilplass
Alders- og sjukeheimar:	1 bil pr sengeplass
Forsamlingslokale:	Fastsettast etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn men ikkje mindre enn 1 plass pr 30 sitteplassar, og ikkje meir enn 1 biloppstillingsplass pr 10 sitteplassar.
Andre bygg og anlegg:	Oppstillingsplassar for bilar etter sektorutvalet for tekniske saker sitt skjønn
Bustader i forretningsbygg, kontorbygg:	1 bil pr bustad $\frac{1}{2}$ bil pr hybel
Lagerdel i forretningsbygg:	Blir vurdert som industri- verkstad- lagerbygg
Bruksendring av lagerlokale:	Krav om auke av oppstillingsplassar for bil.

Tilbygg – påbygg:

Krava ovanfor gjeld for dei delar av bygget som arbeidet omfattar.

Ombygging:

Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkta ovanfor dersom bygget etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same føremålet som tidlegare.

Bruksendring:

Skal bygning, eller del av denne, etter hovudombygging eller delvis ombygging nyttast til anna føremål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksføremålet etter punkta ovanfor gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksføremålet. Talet på nye oppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det tal plassar som etter punkta ovanfor blir kravt for nytt føremål og kravet etter tidlegare bruksføremål.

Frikjøp:

Sektorutvalet for tekniske saker kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal blir innbetalt ein sum pr. manglande plass til kommunen for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunestyret vedtek kva satsar som skal gjelde. Den vedtekne summen skal vere betalt inn før byggearbeidet tek til.

Frikjøpsgebyret skal regulerast årleg etter Statistisk sentralbyrå sin byggjekostnadsindeks. Dessutan skal kommunestyret vurdere frikjøpsgebyret kvart 5. år.

Det skal opprettast eit kommunalt parkeringsfond av dei innbetalte gebyra for manglande parkeringsplassar. Fondet skal kun nyttast til bygging av nye parkeringsanlegg i Stryn sentrum.

Langsgåande parkering:

Parkeringsplassar langs gate mot forretningsbygg og liknande skal ikkje reknast inn i parkeringsdekninga for dei einskilde bygga i sentrum, men utgjere eit ekstra parkeringstilbod som kommunen kan regulere ved parkeringsgebyr når kommunen finn det nødvendig.

5 Skilt og reklame (PBL § 11-9 nr. 5)

Innafor planområdet må skilt, reklameinnretningar og liknande ikkje plasserast utan at kommunen har gjeve løyve etter søknad. Løyve kan berre gjevast inntil vidare, eller for eit bestemt tidsrom.

Skilt og reklameinnretning

Skilt og reklame skal ha moderate storleikar, utforming og fargar, og skal harmonere med bygget og miljøet det står i. Blinkande eller rørlege skilt/reklameinnretningar vert ikkje tillate. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje verke skjemmande i seg sjølv, eller i høve til omgjevnadane, eller på annan måte verke generande.

Lyskasser

Skilt og reklame i form av lyskasser skal ikkje nyttast. Lyskasser kan likevel tillatast plassert i område som er regulert til nærings- og industriføremål, dersom dei er utført med tett front, slik at berre tekst og symbol er gjennomlyst.

Skiltstorleikar

Skilt skal ikkje dekke meir enn $\frac{1}{4}$ av bygget sin horisontale fasadelengde eller ein rimeleg del av fasaden som verksemda har til rådvelde. Uthengsskilt skal ikkje ha større breidde enn 1 meter, og skal ha fri høgde over veg/fortau på minst 2,30 m. På freda eller verneverdige bygg eller miljø, skal maksimum skiltstorleik vera 0,6 m. Løyve vert ikkje kravd for skilt, reklame og liknande som er under $1,5 \text{ m}^2$ og vert sett opp på byggverk eller innhegning (gjerde).

Samling/plassering

I næringsbygg som inneholder fleire verksemder, skal firmaskilt samlast på ei oppslagstavle. Denne kan t.d. vera frittståande. Verksemder i lokale med fasadar langs fortau eller gate med eigen inngang, kan ha eigne skilt. Tal skilt kan aukast dersom verksemda har til rådvelde fleire fasadar på eigedomen langs fortau eller gate, og der det er naturleg at det blir sett opp skilt også mot desse. Skilt skal som hovudregel plasserast ved inngangar.

Tak/gesims

Skilt og reklameinnretningar skal plasserast på baldakin, på veggflater, eller i tilknytning til bygget. Skilt vert ikkje tillate plassert på møne, takflater eller utbygg. Skilt eller reklameinnretning vert heller ikkje tillate plassert på stolpar eller gjerde.

Frittståande skilt

I Stryn sentrum vert frittståande skilt og reklameinnretningar ikkje tillate, utanom spesielt utforma skilt som er tilpassa tettstadsmiljøet elles.

Markiser

Skilt og reklame på markiser, faste solskjermar (baldakin) og tilsvarande fasadeelement, kan søkjast godkjent under føresetnad av at skiltet/reklamen er ein del av bygget og tilpassa dette. Til vanleg skal markiser og solskjerming avgrensast til vindaugeopningar og storleiken på desse.

6 Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap, grønstruktur og kulturminne (PBL § 11-9 nr. 6 og 7)

Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, skal legges til grunn i alle nye planar og handsaming av einskildsakar og tiltak i medhald av gjeldande reguleringsplanar.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknader om løyve etter plan- og bygningslova skal DSB sin rettleiar vedrørande havnivåstigning og stormflo leggast til grunn.

Nye fyllingar i fjorden skal i størst mogleg grad unngå areal av naturleg strand, inkludert tang- og tarebeltet. Fyllingane som ikkje vert avslutta med mur skal plastrast i maksimalt 45 graders helling. Fyllingssoner skal brytast opp for å unngå rette liner.

I samband med utbygging av areal med matjord, skal denne takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium. Før det vert gjeve løyve til oppstart skal det føreliggje ein plan for korleis matjorda vert teke vare på.

I tråd med forvaltningsplanen for verna vassdrag skal det leggast vekt på å bevare viktige friluftsområde, naturførekster, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar i tilknyting til elva ved å bevare kantvegetasjon og unngå utfylling i elva og bygging for nær elva.

Tiltak skal ikkje føre til spreiing av svartelista planteartar.

Etablering av tursti langs Stryneleiva i Stryn sentrum føreset etablering utan fylling i elva. Der det er nødvendig av plassomsyn å legge stien ut i elva, skal det skje ved hjelp av «fiskebruer» som er nytta andre stader langs elva. Desse skal utførast og forankrast på ein måte som ikkje forringar kvalitetane i og ved elva.

Turvegar skal tilpassast landskapet. Tilkomst via turdrag og snarvegar til og innanfor bustadområde skal ivaretakast i regulerings-, dele-, og byggesaker. Turveg i LNF-område skal ikkje vere til hinder for landbruksdrift, samtidig skal drifta ikkje hindre tilkomst og bruk av turvegen.

Ved plassering av nye bygningar skal ein unngå øydelegging av viktige element i kulturlandskapet som steinmurar m.v.

Den Trondhjemske Postvei skal takast vare på som eit samferdslehistorisk viktig kulturminne. Det må ikkje gjerast endringar på oppbygginga av sjølve vegkroppen, dagens lineføring, bredde, stikkrenner, toppdekke og kantvegetasjon. Alle tiltak på postvegen skal leggast fram for regional kulturminneforvaltning og Statens vegvesen til uttale før det vert fatta vedtak.

Før ombygging eller riving av eldre SEFRAK-registrerte bygningar vert avgjort, skal det hentast inn fråsregn frå antikvarisk styresmakt (fylkeskommunen). I alle bygningar eldre enn 1930 skal fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt få høve til å uttale seg med omsyn til restaurering av tak, kledning, fasademateriale og vindauge.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER FOR EINSKILDE OMRÅDE

7 Bygningar og anlegg

A. Bustader (PBL § 11-9 nr. 1, 3, 4, 5, 6, 7 og 8)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til heilårsbustadar med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal. Omfattar eksisterande og planlagde bustadområde B101-B174. Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der bustader er eit av føremåla.

Det er krav om detaljregulering for bustadområde B105, B107, B109, B110, B112, B119, B125, B126, B135, B136, B148, B150, B151, B158, B161, og B165. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finna stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Det er krav om detaljregulering for KB106, KB109 og KB110 dersom områda skal nyttast til bustader. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finna stad før området inngår i ein reguleringsplan.

I samband med reguleringsplanen for KB110 er det krav om høg utnytting ved at det skal vere ein utnyttingsgrad på minst to bustadeiningar pr. daa. Det skal leggjast til rette for at ein del av bueiningane kan nyttast som seniorbustader.

Detaljregulering for bustadområde B126 skal i tillegg omfatte kringliggende område sett av til grøntstruktur. Det skal setjast krav til korleis dette grøntområdet skal skjøttast, slik at det balanserer omsynet til sollys til bustadane og skjerming for dei som går langs turtraséen.

Det er krav om ein samla detaljregulering for B150 og B151. I samband med reguleringsplanen er det eit krav om at grunntilhøva blir undersøkt, med tanke på potensielle utglidinger. Det skal vere høg utnytting av B150 og B151, minst 2,5 bueiningar pr. daa. Område B150 skal byggast ut før B151.

Det er ikkje krav om detaljregulering for dei to bustadområda B152 og B156, men ein situasjonsplan. Begge desse områda skal omfatte 2 bustadeiningar. Dei einskilde husa må gjevast ei utforming som går harmonisk saman med kringliggende bygningar.

Det skal vere høg utnytting av eksisterande og framtidige bustadområde B112, B117, B119, B121, B125, B131, B135, B136, B148, B170, B171 og B174. Det skal i desse områda vere ein utnyttingsgrad på minst 2 bueiningar pr. daa.

Innanfor Stryn tettstad skal tomter til einebustader ikkje vere større enn 900 m².

I eksisterande bustadområde som er heilt eller delvis utbygd kan det gjevast løyve til nye byggetiltak, som fortetting av området, utan regulering. Dette gjeld dersom nye bygg kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem og ikkje kjem i konflikt med andre føresegner eller rører ved nasjonale eller regionale interesser.

Alle nye bustadområde skal ha tilfredstillande leikeareal etter gjeldande normer, og skal vere opparbeidd før bustadområdet vert teke i bruk. Leikeareala skal vere store nok og eigna for leik og opphold heile året. Leikeplassane skal vere sentralt plasserte i høve til flest mogleg bustader og i høve til andre grøntområde i nærleiken.

Det er krav om etablering av trafikksikker gangtilkomst fram til bustadområde B126, B135 og B136 før desse områda blir teke i bruk. For B126 er det i tillegg krav om at Geilevegen skal oppgraderast med nytt VA-anlegg og utvida vegbreidde med fortau, før området kan takast i bruk.

Kloakkløsing, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før bygging setjast i gang.

Ein skal ta vare på stiar/snarvegar i nærmiljøet, strandsone til bekkar og elvar, spesielle kulturlandskap og område med spesielt dyreliv.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval.

B. Fritidsbustader (PBL § 11-9 nr. 1, 3, 4, 5, 6 og 7)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til fritidsbustadar med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal. Omfattar eksisterande og planlagde område for fritidsbustader F101-F115 samt F010.

Det er krav om detaljregulering for nytt område for fritidsbustader F104 (Faleide). Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finne stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Kloakkløsing, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før bygging setjast i gang. Fritidsbustader er pliktige til å knyte seg til offentleg vatn og avløp der dette blir krevd.

Tomter til fritidsbustader skal ikkje vere større enn 900 m². Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval.

Ein skal ta vare på stiar/snarvegar i nærmiljøet, strandsone til bekkar og elvar, spesielle kulturlandskap og område med spesielt dyreliv.

For F010 gjeld føresegn sett i kommunedelplan for Bøasetra.

C. Sentrumsføremål (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7 og §11-11 nr. 2)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til sentrumsføremål. Omfattar område S101-S116.

Områda kan nyttast til forretning, tenesteyting, bustader, kontor, hotell/overnatting og servering, inkludert naudsynt grøntareal. Det skal leggjast til rette for fleire bustader.

Det er ikkje tillate med industri eller anna verksemد som kan føre til vesentleg trafikk- eller miljømessige ulepper, eller som er til fare eller sjenanse for omgivnadane. Etablering av nye plasskrevjande vareslag som til dømes bilar, motorkøyretøy, trelast og andre større byggjevarer er ikkje tillate.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval.

I den grad det er mogleg skal publikumsretta verksemder som tenesteyting, forretning, kulturføremål og annan serviceverksemd leggast til gatenivå og vere planlagt i tråd med krav til universell utforming. Det skal leggjast til rette for ein høgare utnytting av arealet i Stryn sentrum:

- S101-S104 skal ha 4 etasjer.
- S105, S106, S107 og S112 skal ha min. 3 etasjer og maks. 4 etasjer.
- S108-S114 skal ha min. 2 etasjer og maks. 3 etasjer.
- S115 og S116 skal ha 2 etasjer.

Innanfor område S102 kan det byggjast nytt parkeringshus der det er parkering i dag.

Tilstrekkeleg areal til grøntområde, mellom anna til leikeplass, skal løysast på reguleringsplannivå.

C. Forretning (PBL § 11-9 nr. 5)

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til forretning. Omfattar FO101, bensinstasjon på Langeset, og kombinerte føremål, der forretning er eit av føremåla.

Område KB117 kan nyttast til forretninger for plasskrevjande varer. Området skal ikkje nyttast til detaljhandel.

D. Offentleg eller privat tenesteyting (PBL § 11-9 nr. 1, 5, 6 og 7)

Føremålet gjeld område sett av til privat eller offentleg tenesteyting med tilhøyrande vegar og anlegg.

Omfattar T101 (Skogstjerna), T102 (gammalt skulehus på Faleide), T103 (Bergsida grendahus), T104 (Vikalida barnehage), T105 (Stryn vidaregåande skule), T106 (Stryn bedriftsbarnehage), T107 (Tonning skule, Stryn kulturhus, Stryn omsorgssenter og barnehage), T108 (Betania), T109 (Filadelfia), T110 (Stryn Energi), T111 (Heradsheim), T112 (Stryn ungdomsskule), T113 (utviding av Stryn ungdomsskule), T114 og T115 (lager Nedstryn kyrkje) og T116 (Storesunde).

Nordre deler av område T105 kan, i tillegg til skule, også nyttast for samlokalisering av blålysetatane (politi, brann og ambulanse). Det er krav om ein situasjonsplan for tiltaket.

Det er krav om detaljregulering for T113 (skuleområdet i Bø). Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finna stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Nye bygg i byggjeområdet ved skulen i Bø skal tilpassast den eksisterande skulebygningen, slik at den landskapsmessige og kulturminnefaglige verdien av bygget er i størst mogleg grad ivaretaken.

E. Fritids- og turistføremål (PBL § 11-9 nr. 1, 5 og 6, og § 11-10 nr. 1 og 2)

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til fritids- og turistføremål med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal. Innanfor føremålet kan arealet nyttast til oppstilling av campingvogner, bubilar, utleigehytter og telt samt faste konstruksjonar knytt til vognene, servicefunksjonar og fellesareal. Omfattar område FT101-FT103.

Det er ikkje krav om reguleringsplan for område sett av til campingplasser i kommuneplanen. Dette gjeld både for eksisterande og nye campingplassar. Tilhøvet til automatisk freda kulturminner må då vere avklara, jf. § 8 og 9 i kulturminnelova. Dette gjeld også tilhøvet til risiko og sårbarheit.

Dersom ein ønskjer å nytte delar av campingplassen til utleigehytter eller husvogner/villavogner, kan ikkje dette skje før det er utarbeidd ein detaljert reguleringsplan for området.

Oppstillingsområda for campingeininger skal vere på maksimalt 1000 m² grunnareal kvar og ha minst eit 6 meter breitt ope felt mellom dei (branngater). Hensikta er å hindre brannspreiing og sikre tilgjenge for brannvesenet.

Mobile konstruksjonar må skiljast med ein avstand som er i samsvar med rettleiaren for gjeldande forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn. Trekkanordninga skal vere plassert slik at den er lett tilgjengeleg. Bil utan overnattingseining kan plasserast i mellomrommet mellom campingeiningerne.

Faste konstruksjonar, der ein ikkje kan dokumentere branncellebegrensande bygningsdel EI-30 til neste campingeingi, skal ha 8 meter avstand til neste eining. Unntak frå dette er der to campingeininger står samla med ein innbyrdes avstand minimum 3 meter, med 8 meter/EI-30 til neste eining.

Campingvognene skal vere registrerbare, og kunne fraktast lovleg på veg med førarfart klasse BE.

Det er ikkje tillate med «spikertelt»/trefortelt, frittståande boder eller terrassar i tilknyting til campingeiningerne.

Fortelt (av teltduk eller prefabrikkerte elementbygg) skal stå langsmed vogna, vere maksimalt 4 meter brei, ikkje lengre enn vogna og vere tilpassa vogna i høgd.

Det kan byggjast rekkverk inntil 0,9 meter høg og/eller levegg inntil 1,8 meter høg og 6 meter lang.

Ei campingeingi skal ha eit heilskapleg farge- og materialval slik at ho står fram som ei eining.

G. Råstoffutvinning (PBL § 11-9 nr. 1, 5, 6 og 8)

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til råstoffutvinning med tilhøyrande vegar, bygningar og anlegg. Omfattar R101 (Lida), R102-R106 (Ytreeide og Øvreeide), R107 (Staveneset) og R108 (Marsåvika) Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla KB101-KB104.

For område avsett til råstoffutvinning/massetak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap.20, eller gjennomførast frådeling til slike føremål, utan godkjend reguleringsplan.

Det er også krav om driftskonsesjon med driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal skildra omfanget massetaket skal ha, korleis massetaket etappevis skal utnyttast og korleis det skal avsluttast. Driftsplanen skal i tillegg omfatte ein plan for overvasshandtering, både i driftsfasen og for etterbruk. Plan for overvasshandtering skal godkjennast av kommunen før igangsettingsløyve vert gitt. Det skal etablerast naudsynt fordrøyning og rensing (sedimenteringsdam) av all avrenning frå driftsområdet.

Tilkomst som ligg i sørgrensa av KB103 og KB104 skal oppretthaldast via eksisterande trasé for skogsveg.

Massetak R101-R108 kan nyttast som mellomlager for lausmasser eller skotstein. Dette gjeld ikkje for KB103 og KB104. Etterbruken av R101-R108 skal vere byggjegrunn, eller skal tilbakeførast i terrenget. Etterbruken av KB101-KB104 skal vere næringsområde.

H. Næringsbygningar (PBL § 11-9 nr. 1, 3, 4, 5, 6, 7 og 8)

Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vregar, parkering og anna fellesareal. Omfattar eksisterande og planlagde næringsområde N101, N103-N127. Føresegna gjeld også for dei kombinerte føremåla, der næring er eit av føremåla.

Utnyttingsgraden for næringsområda skal ikkje overstige 60 % BYA. Unnataket er N120, næringsområdet på Riise, der utnyttingsgraden er sett til 80 %, men dette inkluderer då areal sett av til parkering. Ein må i tillegg imøtekome dei andre føreseggnene i reguleringsplanen som omfattar N120, samt dei kriteria som er sett i samband med sal av det kommunale arealet.

Det er krav om detaljregulering for N101, N103, N104, N115 og N127. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finne stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Det er krav om detaljregulering for KB103 og KB104.

Ved nybygg, ombygging og tilbygg skal bygga få ei utforming og ein materialbruk som harmonerer med kringliggende bygg. Utforming av både bygg og uteområde skal følgje prinsippa om universell utforming dersom dette er mogleg.

Bygningar skal vere fullverdige og permanente, og ikkje ha preg av mellombelse løysingar som plasthall, brakker og liknande. Utelagring skal avgrensast til eit minimum, og skal gjerast på ein ryddig og tiltalande måte. Areala som får dekke av grus/asfalt skal ikkje gjerast større enn naudsynt. Restareal skal plantast til for å unngå store ubrukte grå flater.

Næringsområde N103 og dei kombinerte føremåla KB101-KB104, der etter bruken er næringsområde, skal forsynast med vatn frå kommunalt anlegg. N101, N103 og KB103 - KB104 skal knytast til kommunalt avløp.

Terrenget i næringsområde N103 skal maksimalt vere 245 m.o.h.

Terrenget i nytt næringsområde KB103 og KB104 skal ikkje vere lågare enn 210 m.o.h.

For alle nye, oppvarma næringsbygg på N101, N103, N104 og KB101-KB104 er det krav om at det skal leggjast til rette for vassboren varmeforsyning.

For næringsområde N103, N104 og KB101-KB104 skal standard miljøtilpassing i Stryn Miljø- og Næringspark nyttast. Det skal etablerast skjermingsbelte av skog mot hovudveg, mot Den Trondhjemiske postveg og mot skogsvegen som går til Bergsida. Store tomteareal skal bevare ulike plan i terrenget. Grøntområde skal takast vare på/opparbeidast samstundes med tomteopparbeidninga og ferdigstillast før området kan takast i bruk.

I samband med detaljregulering av N115 må ein vurdere kvikkleire og stormflo for området.

I samband med detaljregulering for N101, N103, KB103 og KB104 må støy vurderast. Det skal ikkje etablerast aktivitet på N108 som fører til støy.

I. Idrettsanlegg (PBL § 11-9 nr. 5)

Føremålet gjeld byggeområde sett av til idrettsanlegg med tilhøyrande vegrar, bygningar og anlegg. Omfattar ID101 (motorsportbane i SMNP), ID102 (Tonningleirane, inkludert utstillingshallen og utstillingsplassen) og ID103 (Strynehallen) samt idrettsføremålet i KB104.

KB104 kan nyttast til anlegg for pistolskyting, men skal vere eit mellombels anlegg. Før anlegget vert etablert og teke i bruk, skal det gjennomførast støyvurdering.

J. Andre typar bygningar og anlegg (PBL § 11-9 nr. 5 og 6)

Føremålet gjeld andre typar bygningar og anlegg. Omfattar følgjande:

- Naust og båtopptrekk
- Kommunaltekniske anlegg
- Massedeponi på Langeset

Områda er ikkje namnsett på plankartet, med unntak av massedeponiet, ABA101.

Nye bygg i naustområda skal tilpasse seg det etablerte naustmiljøet, både i høgde, form, materialval og fargevalør. Plassering av naust og tilhøyrande anlegg skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Terrenginngrep skal avgrensast til det som er nødvendig for plassering av naustet.

Den vestre delen av ABA101 (massedeponiet på Langeset) skal nyttast til reine massar.

K. Grav- og urnelund

Føremålet gjeld byggeområde sett av til grav- og urnelund med tilhøyrande bygningar og teknisk anlegg. Omfattar eksisterande gravstad ved Nedstryn kyrkje, GU101.

L. Kombinerte føremål (PBL § 11-9 nr. 5)

Område for kombinert bygging og anlegg er ein samlekategori for fleire typer arealbruk, gjeld område KB101 – KB116.

Føresegna for dei einskilde føremåla gjeld i tillegg til det som står her.

Følgjande område kan kombinerast med følgjande føremål samstundes:

KB105 – Forretning og Bustadområde

KB107 – Forretning og Offentleg eller privat tenesteyting

KB108 – Forretning, Næringsområde og Trafikkterminal

KB111 – Forretning og Næringsområde

KB112 – Næringsområde og Bustadområde

KB113 – Næringsområde og Bustadområde

KB114 – Bustadområde, Forretning og Næringsområde

KB115 – Bustadområde og Forretning

KB116 – Forretning, Næringsområde og Hamn

KB117 – Forretning og Næringsområde

Følgjande føremål kan nyttast først til det føremålet som står først, men skal i framtida nyttast til det føremålet som står sist:

KB101 - Råstoffutvinning og Næringsområde

KB102 – Råstoffutvinning og Næringsområde

KB 103 – Råstoffutvinning og Næringsområde
KB104 – Idrettsføremål og Næringsområde
KB106 – Næringsområde og Bustadområde
KB109 – Fritids- og turistføremål og Bustadområde
KB110 - Offentleg eller privat tenesteyting og Bustadområde

8 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

A. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Føremålet gjeld område sett av til samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur. Omfattar ST101, vektstasjon Gjørven.

B. Veg (PBL § 11-9 nr. 5 og § 11-10 nr.4)

Føremålet gjeld offentleg køyreveg, vegkryss, haldeplassar for buss, trafikkøyer, bruer og anna veggrunn. Områda er ikkje namnsette på plankartet.

Nye avkøyrsler eller utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå riks- og fylkesveg skal vurderast etter «Rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)».

Tinggata skal nyttast som gågate. Dette betyr at det ikkje skal vere gjennomkjøringstrafikk og at gata ikkje skal nyttast til parkering. Unnateke dette er varelevering og parkering ved arrangement.

C. Lufthamn

Føremålet gjeld område sett av til lufthamn. Omfattar L101, landingsplass for helikopter på Langeset.

D. Hamn (PBL § 11-9 nr. 3)

Føremålet gjeld område avsett til kai og dei funksjonane som naturleg høyrer med til drift av kai. Dette omfattar område H101 (tømmerkai på Faleide), H102 - H104 (kaier på Faleide), H105 (kai på Visnes) og H106.

Det er krav om mottak og handtering av avfall ved kaiene.

E. Parkering

Føremålet gjeld område avsett til parkering. Områda er ikkje namnsett på plankartet.

F. Kollektivnett

Føremålet gjeld område avsett til kollektivnett. Gjeld KN101, busshaldeplass i Stryn sentrum.

G. Gang- og sykkelvegar (PBL § 11-9 nr. 1, 5, 6 og 8 og § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld eksisterande gang- og sykkelvegar og planlagde gang- og sykkelvegar frå Riise bru til Storesunde, frå Visnes til Staveneset og frå Bergsida til Faleide. Eksisterande gang- og sykkelvegar er vist som svart, prikka line i plankartet medan planlagde er vist som raud, prikka line.

Det er krav om detaljregulering for gang- og sykkelvegen frå Bergsida til Faleide, gang- og sykkelveg frå Riise bru til Storesunde og gang- og sykkelveg frå Visnes til Stavesneset. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finne stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Linene som syner gang- og sykkelvegane i plankartet er ikkje juridisk bindande, men er berre retningsgjevande for dei framtidige reguleringsplanane.

Gang- og sykkelvegen Riise bru-Storesunde skal i størst mogleg grad ta omsyn til naturkvalitetar, spesielt knytt til vassdrag, og til landbruk. Som ein del av tiltaket skal Ytreeidselva leggjast om og gjennomgå biotopjusteringar som forbetring i høve dagens tilstand. Ved utløpet av Nerfloen ved Lunde skal gang- og sykkelvegen ikkje føre til meir fylling i elva.

9 Grøntstruktur

A. Grøntstruktur (PBL § 11-9 nr. 6)

Føremålet gjeld område avsett til grøntstruktur. Desse er ikkje namnsette på plankartet.

Grøntstrukturen skal oppretthaldast. Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv kan tillatast.

B. Naturområde (PBL § 11-9 nr. 6)

Føremålet gjeld område avsett til naturområde. Omfattar område GN101-GN104.

Områda skal i størst mogleg grad ligge urørt.

C. Friområde (PBL § 11-9 nr. 6 og § 11-10 nr. 2 og 3)

Føremålet gjeld område sett til friområde GF101-GF113.

Områda skal opparbeidast og vere allment tilgjengelege. Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv kan tillatast. Det kan ikkje gjennomførast tiltak som strir mot at området kan nyttast som friområde.

D. Park (PBL § 11-9 nr. 6 og § 11-10 nr. 2 og 3)

Føremålet gjeld område avsett til park, GP101 (ved Skogstjerna) og GP102 (Per Bolstad plass).

Områda skal opparbeidast og vere allment tilgjengelege. Enkle tilretteleggingstiltak kan tillatast. Det kan ikkje gjennomførast tiltak som strir mot at området kan nyttast som park.

10 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

A. LNF–areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (PBL § 11-11 nr. 1 og 4)

Føremålet gjeld område for landbruks-, natur- og friluftslivsføremål, LNF. Det er namnsett LNF nokre stader på plankartet.

I LNF-områda er det berre tillate å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring (næringsverksemd basert på garden sine eigne ressursar).

Bygningar og anlegg kan førast opp etter enkeltvise søknader på følgjande vilkår:

- Det kan gjevest løyve til naudsynte tiltak for landbruket og gardstilknytta næringsverksemd.
- Nye bygg skal primært plasserast i tilknyting til driftssenteret og bygningsmessig gli inn som ein del av den eksisterande tunskipnaden. Unntak gjeld for samdriftsfjøs.
- Det kan gjevest løyve til mindre tiltak knytt til eksisterande bustadhús. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som hører til bustaden/tunet.

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan oppførast i 100-meters beltet langs sjøen dersom bygningen vert plassert i tilknyting til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknyting til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

Oppføring av stølshus kan berre tillatast på/i tilknyting til etablerte stølar. Bygningane skal vere i samsvar med lokal byggeskikk på stølsområdet, og tilpassast dei andre bygningane på stølen.

Naust skal oppførast i tradisjonell stil, tilpassast terrenget og eventuelt eksisterande naustumiljø i utforming og storleik. Det skal takast omsyn til friluftsinteressene.

Det skal utøvast ein streng dispensasjonspraksis i Langeset-området, ved at det ikkje blir lagt til rette for bustader eller fritidsbustader i nærheita av eksisterande og planlagde næringsområde.

11 Bruk og vern av sjø og vassdrag

A. Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 11-9 nr. 6 og 11-11 nr. 3)

Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, fiske og natur- og friluftsliv. Omfattar område V101 – V103 samt mindre vatn og elvar, som ikkje er namnsett.

I område V101 - V103 er det ikkje tillate å:

- etablere oppdrett i desse sjøområda, korkje skjel, skalldyr eller fisk.
- føre opp flytebrygger og kaianlegg.
- fylle ut eller ta vekk masser i sjø og langs vassdrag med mindre det er heimla i detaljert reguleringsplan.
- setje opp gjerde eller andre innretningar som hindrar fri ferdsle langs strandlinna.

Tiltak i sjø som til dømes sjøleidningar, utfylling m.m. krev løyve av hamnemynde i tillegg til dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Det skal leggast vekt på å bevare viktige friluftsområde, naturførekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar i tilknyting til elva, ved å bevare elvekantvegetasjon og unngå utfylling.

B. Ferdsel (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet omfattar område for ferdsel, VFE101.

Tiltak og aktivitetar i området som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

C. Småbåthamn (PBL § 11-9 nr. 1 og 3 og § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld småbåthamn. Omfattar område VS101 (Grønevik), VS102 (Vikaleirane), VS103 (ved Tenden hyttefelt), VS104 (Visnes) og VS105 (Marsåvika).

Det er krav om mottak og handtering av avfall ved kaiene.

Det er krav om detaljregulering for småbåthamn i Grønevik, VS102, og småbåthamn i Marsåvika, VS105. Dette betyr at søknadspliktige tiltak, og frådeling til slike føremål, ikkje kan finne stad før området inngår i ein reguleringsplan.

Reguleringsplanen for VS102 skal vise tal båtplassar, opplagsplass på land, vegtilkomst og parkeringsplassar. Det er eit krav at VS102 skal ha flytande konstruksjonar og ikkje omfatte utfylling/steinmolo.

Dersom det er behov for meir landareal i Marsåvika kan småbåthamna, VS105, fyllast opp og utviklast til areal for næring/tenesteyting.

D. Fiske (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld område sett av til eksisterande låssettingsplassar, VF101 (Svarstadvika), VF102 (Visnes) og VF104 (Marsåvika) og til fiske, VF103 (Stranda).

Tradisjonelt fiske har fortrinnsrett framfor annan aktivitet i låssettingsområda. Dette gjeld område VF101, VF102 og VF104. Aktivitetar og tiltak som er i strid med føremålet vert ikkje tillate utan godkjenning av Fiskeridirektoratet.

E. Naturområde i sjø (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld naturområde i sjø. Omfattar to område på Storeleira, VN101 og VN102, og område rundt holmen i Marsåvika, VN103.

Område VN101 – VN103 skal liggje urørte.

F. Friluftsområde i sjø (PBL § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld friluftsområde i sjø. Omfattar VFR101 (Svarstadvika) og VFR102 (badeplass Staveneset).

Området VFR102 skal nyttast til badeområde. Området skal kunne merkast med bøyer i sjøen, og det er ikkje tillate med raske motorbåtar eller vannscooterar i området eller andre tiltak som hindrar ålmen bruk av arealet.

G. Kombinerte føremål i sjø (PBL § 11-9 nr. 6 og 7 og § 11-11 nr. 3)

Føremålet gjeld kombinerte føremål i sjø, farled og fiske. Omfattar VK101 og VK102.

I område VK101 - VK102 er det ikkje tillate å:

- etablere oppdrett i desse sjøområda, korkje skjel, skalldyr eller fisk.
- føre opp flytebrygger og kaianlegg.
- fylle ut eller ta vekk masser i sjø og langs vassdrag med mindre det er heimla i detaljert reguleringsplan.
- setje opp gjerde eller andre innretningar som hindrar fri ferdsle langs strandlinia.

Det skal leggast vekt på å bevare viktige friluftsområde, naturførekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar i tilknyting til elva, ved å bevare elvekantvegetasjon og unngå utfylling.

Tiltak i sjø som til dømes sjøleidningar, utfylling m.m. krev løyve av hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova.

Tiltak og aktivitetar i områda som kan vere til hinder for ferdsel og fiske er ikkje tillate.

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL OMSYNSSONER

12 Sikringssoner

A. Nedslagsfelt drikkevatn (PBL § 11-9 nr. 5)

Sikringssona omfattar nedslagsfeltet for Ytreeidselva, H110_1.

Det skal ikkje gjerast tiltak innanfor sikringssone H110_1 som kan føre til ureining av vatnet.

B. Område for grunnvassforsyning (PBL § 11-9 nr. 5)

Sikringssona omfattar ei reservevasskjelde for drikkevatn, H120_1, som omfattar delar av Strynedalen.

Det skal ikkje gjerast tiltak eller etablerast verksemder innanfor sikringssone H120_1 som kan føre til ureining av kjelda.

13 Støysoner

Omfattar raud støysone, H210_1, og gul støysone H220_1, knytt til helikopterplassen på Langeset, og raud støysone, H210_2, knytt til skytebana på Bøasetra. Sonene er knytt til reglane omtalt i retningsline T1442 Støy i arealplanleggingen.

Omfattar også støysone H290_1, område for motorsport på Langeset og støysone H290_2, område for start/landing av mikrofly i Skjolden.

14 Faresoner

A. Ras- og skredfare (PBL § 11-9 nr. 5 og 8)

Faresonene omfattar både NGI sine aktsemdskart for snø- og steinsprang og NVE sine aktsemdskart for flaum- og jordskred, der begge syner potensiell ras- og skredfare i planområdet, i tillegg til faresoner basert på skredfarevurderingar.

Sonene har kode H310. Aktsemdskarta er ikkje namnsett på plankartet, medan dei største faresonene har følgjande namnsetting; H310_100, H310_1000 og H310_5000.

Ved planlegging av tiltak innanfor H310, der denne syner potensiell ras- og skredfare, må tiltakshavar ved hjelp av fagkompetent instans enten dokumentere at den reelle faresona kan reduserast, eller skildre avbøtande tiltak som gjer bygging forsvarleg etter gjeldande regelverk.

H310_100-sonen markerer område med skredfare $\geq 1:100$. Det skal ikkje oppførast tiltak innanfor faresona.

H310_1000-sonen markerer område med skredfare $\geq 1:1000$. Det skal ikkje oppførast tiltak innanfor faresona som er omfatta av konkrete sikkerheitskrav tilsvarende sikkerheitsklasse S1 eller høgare, og dermed er i strid med sona.

H310_5000-sonen markerer område med skredfare $\geq 1:5000$. Det skal ikkje oppførast tiltak innanfor faresona som er omfatta av konkrete sikkerheitskrav tilsvarende sikkerheitsklasse S2 eller høgare, og dermed er i strid med sona.

B. Flaumfare (PBL § 11-9 nr. 5 og 8)

Faresonene syner flaumfare. Dette omfattar flaumfare knytt til eit utval mindre elvar og bekkar i Stryn sentrum, der det er nytta ei buffersone på 20 meter til kvar side av elva/bekken, H320_1 – H320_4, Kjeldeflata, H320_5, og flaumsonekartet som syner 200-årsflaumen for Stryneelva, H320_6. Mindre område som er utsett for flaumfare i høve Stryneelva er ikkje namnsett.

Innanfor sonene skal det ikkje førast opp nye bygningar eller andre permanente anlegg.

Eventuelle tiltak innanfor faresonene til dei fire bekkane, H320_1 – H320_4, skal gjerast i tråd med overvassutgreiinga. Det skal leggjast til rette for opning av bekkane.

Ved planlegging og realisering av nye bygge- og anleggstiltak skal det leggjast til grunn 20 % auka flaumvassføring i høve til dagens 200-års flaum. Tiltak innanfor faresonene for flaum skal vurderast av fagkunnig.

C. Høgspenningsanlegg (PBL § 11-9 nr. 5)

Faresonene er knytt til eksisterande høgspentlinjer innanfor planområdet. Avgrensinga er sett ut ifrå spenninga på lina, der tal meter på kvar side av lina er i høve gjeldande regelverk. Det er i tillegg teke høgde for planlagd, framtidig oppgradering. Omfattar område H370_1 til og med H370_9.

Innanfor omsynssonene H370 kan det ikkje oppførast bygningar eller andre permanente anlegg. Alt arbeid skal leggjast fram for og godkjennast av leidningseigar før tiltak kan igangsetjast.

D. Anna fare (ureina grunn) (PBL § 11-9 nr. 5)

Faresona er knytt til gamal søppelfylling, H390_1.

Dersom området med ureina grunn, H390_1, skal nyttast til anna føremål enn landbruk må det gjennomførast miljøsanering til godkjent standard for endra bruk.

15 Soner med særlege omsyn

A. Landbruk (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7 og § 11-11 nr. 1)

Omssynssone som syner samanhengande jordbruksareal på meir enn 100 daa fulldyrka lettdriven jord til grasproduksjon eller område som har eit bevaringsverdig kulturlandskap.

Omfattar område H510_1, kjerneområde Riise bru – Gjørven, H510_2, kulturlandskapsområde på Garlid og H510_3 og H510_4, delar av kjerneområde Storesunde – Mindresunde.

Innafor omsynssonene H510_1, H510_3 og H510_4 skal det som hovudregel ikkje gjevast løyve til tiltak som fører til omdisponering av fulldyrka jord, eller driftsulemper for ordinær landbruksdrift.

For område H510_2 må det ikkje gjevast løyve til og/eller gjerast større inngrep som forringar kvalitetane som særpregar området.

B. Friluftsliv (PBL § 11-9 nr. 5 og 6 og § 11-10 nr. 2)

Omsynssone som omfattar område med store friluftslivsverdiar, H530_1 – H530_8.

Innafor omsynssonene H530 skal det takast særskilt omsyn til ålmenta sin bruk av området i friluftslivssamanheng. Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv kan tillatast.

Det skal ikkje førast opp bygg eller gjerast inngrep av type som er søknadspliktig i høve pbl eller vassressurslova.

C. Landskap

Omsynssone som omfattar Vinsryggmorena, H550_1.

D. Bevaring naturmiljø (PBL § 11-9 nr. 6)

Omsynssona omfattar naturtyper av nasjonal, regional eller lokal verdi, registrert av Miljødirektoratet, og omfattar følgjande område:

Sone H560_1 og H560_2 kalkskog på Robjørgane med hule eiker, H560_3 slåttemark på Utigard, H560_4 rik edellauvskog på Lunde, H560_5 og H560_6 brakkvassdeltaene på Visnesøyri og Tonningsleira, H560_7 slåttemark Haraldløken, H560_8 rik sumpskog Sundeløken, H560_9 mudderbank ved Mindresunde, H560_10 – 12 rik edellauvskog Strand og H560_13 sørvendt berg og rasmark på Strand.

Innanfor omsynssonene H560 er det ikkje tillate med tiltak som kan skade, endre eller skjemme naturmiljøet. Søknadspliktige tiltak etter pbl skal ikkje tillatast. Unntaket for dette er delar av H560_5, der plankartet syner nytt næringsareal N115.

Ulike tiltak for å halde området i hevd, til dømes beiting og liknande er tillate. Miljødirektoratet si kartlegging og verdivurdering av det biologisk mangfaldet skal leggjast til grunn.

E. Bevaring kulturmiljø (PBL § 11-9 nr. 5, 6 og 7)

Omsynssona omfattar følgjande viktige kulturmiljø:

Kultur- og friluftslivsområde:

Den Trondhjemske postveg, skaffarbustaden og landgangsbrygga, H570_1

Båtstøanlegg frå eldre jernalder og bautasteinen i Bø, H570_18

Tyskerstillingar Visnes, H570_26

Kulturlandskap:

Kulturlandskap Utigard Faleide, H570_2

Kulturlandskap Langeset, H570_6

Naustmiljø:

Naustmiljø Faleide, H570_5

Jekteløken og naustmiljø i Hestøda, H570_12

Naustmiljø Stryn sentrum, H570_16

Stølsområde med stor bevaringsverdi:

Svarstadsetra, H570_7

Sætressetra, H570_24

Raksetra, H570_27

Mitt kulturminne:

Veten på Bergsida, H570_8

Lundehella, H570_10

Krokodilla, H570_20

Gjørvalaksegarden, H570_21

Notkast Mindresunde, H570_22

Lakseklekkeri på Stauri, H570_23

Gardstun og andre bygningsmiljø:

Pakkbuda, H570_3

Gamalt naust frå 1700-talet Faleide, H570_4

Ingebrigten, H570_9

Nedrebergstunet, H570_11

Gardstunet i Vik, H570_13

Gardstunet på Tonning, H570_14

Gardstun i Bø, H570_15

Walhalla, Perhustunet, gamlebrua og Bruagrenda, H570_17

Visnes hotell, den gamle doktorbustaden og Villa Visnes, H570_25

Landskap:

Nedstryn kyrkje, H570_19

Innanfor omsynssonene H570 skal ein ta særlege estetiske omsyn til kva ein tillet plassert i desse. Bygningar eller installasjonar som vil dominere over eller hindre innsikt til kulturmiljøet skal fortrinnsvis lokaliserast utanfor omsynssona.

Eventuelle tiltak i kultur- og friluftslivsområda; H570_1, H570_18 og H570_26, og kulturlandskapa; H570_2 og H570_6, skal lokaliserast og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt

med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi.

Ein skal leggje vinn på å ta vare på dei gamle naustmiljøa; H570_5, H570_12 og H570_16, langs fjorden. Nye naust som skal byggast bør nytte gamle tufter (eksisterande murar) dersom slike finns. Dei bør få tilsvarande storlek, same takvinkel og ein bør nytte nokonlunde same byggestil og materialval som for eksisterande naust.

For dei gamle, særmerkte stølsområda med omsynssone H570_7, H570_24 og H570_27 gjeld følgjande føresegn:

- Form, storlek, farge, materialval (utsjånad, utviding) skal vere i pakt med tradisjonane på stølen, og dokumentasjon av dette skal fylgje byggemeldinga.
- Ved bygging utanom gamle tufter (eksisterande murar) skal nybygget passe inn i bygesystemet på stølen og elles fylgje retningslinene for utsjånad.
- Oppføring av bygg som ikkje inngår i stølsområdet og har annan bruksfunksjon skal ikkje plasserast i det beiteopne landskapet rundt stølen og ikkje nærmare enn 200 meter frå stølen.
- Ein skal unngå å bygge landbruksveg heilt fram til stølsområdet for å sikre rekreasjonsverdien og dei estetiske kvalitetane i stølsområdet. Veg til stølen bør avsluttast i rimeleg avstand frå stølen og bør ikkje byggast nærmare det bebygde arealet enn 200 meter dersom det ikkje ligg føre særlege grunnar for det.

Prioriterte kulturminne i tematisk kulturminneplan (Mitt kulturminne); H570_8, H570_10, H570_20, H570_21, H570_22 og H570_23 skal beskyttast mot tiltak som tek vekk kulturminneverdien.

Gardstuna og dei andre bygningsmiljøa; H570_9, H570_11, H570_13, H570_14 og H570_15, H570_17 og H570_25, må takast omsyn til i all planlegging i og inntil Stryn sentrum.

Innanfor H570_19, innsynssona til Nedstryn kyrkje, er det forbode, utan tillating frå biskopen, til å føre opp bygningar. Dette omfattar også kyrklege bygg og annan bygning på kyrkja sin grunn. Einkvar planlagd bygning fell under føresegna, også bygg under 15 m² som ikkje er melde- eller søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

16 Bandleggingssone

A. Bandlegging etter lov om kulturminne (PBL § 11-9 nr. 7)

Det er lagt bandleggingssone på dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet;

ID. 147050: Tingvoll, H730_1

ID. 85099: Nedstryn kyrkjested, H730_2

ID. 95108: Lunde, H730_3

ID. 45550: Steinbrotet Geilekvia, H730_4

ID. 102099: Vik, H730_5

ID. 66496: Kyrkjeeide, H730_6

ID. 35516: Furehøgjen, Kyrkjeeide, H730_7

ID. 142350: Indre Bø 1, H730_8

ID. 142353: Ytre Bø 3, H730_9

ID. 142352: Ytre Bø 2, H730_10
ID. 142354: Ytre Bø 4, H730_11
ID. 146678: Ytre Bø, H730_12
ID. 148010: Ytreeide, H730_13
ID. 6047: Mindresunde, Seimeplassen, H730_14
ID. 180517: Lok.1 Storesunde, H730_15
ID. 180518: Lok.2 Storesunde, H730_16
ID. 180519: Lok.3 Storesunde, H730_17
ID. 55296: Bautateinen på Bø, H730_18
ID. 6046: Marså, H730_19

Innanfor sona gjeld fredingsføresegn i kulturminnelova. Dei er i tillegg synt i grunnkartet med rune-R.

Automatisk freda kulturminne (omsynssone H730) – bandlagt etter kulturminnelova. I området er det automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kultruminnet eller framkalle fare for at dette kan skje.

17 Gjenomføringssone (PBL § 11-9 nr. 5)

Avgrensinga gjeld område for detaljhandel, avgrensa av Setrevegen, Bøavegen og Stryneelva.

Med detaljhandel meiner ein all anna handel enn det som er definert som plasskrevjande varer.

Med plasskrevjande varer meiner ein bilar, båtar, landbruks- og anleggsmaskiner, trelast og større byggevarer og hagesenter/planteskular der handel med desse varene utgjer den dominerande delen av vareutvalet og omsetnaden.
